

Masteroppgåve

NTNU
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for lærerutdanning

Elise Kristiane Mahle Einum

Den litterære samtalen om biletbok med seksuelle overgrep som tema

Ein studie av korleis biletboka *Blekkspruten*, med sin estetiske og skjønnlitterære kvalitet kan vere utgangspunkt for den litterære samtalen med dei yngste elevane, som vidare kan føre til meir openheit kring eit tabubelagt tema.

Masteroppgåve i norskdidaktikk

Rettleiar: Ingvild Hagen Kjørholt

Juni 2021

Elise Kristiane Mahle Einum

Den litterære samtalen om biletbok med seksuelle overgrep som tema

Ein studie av korleis biletboka *Blekkspruten*, med sin estetiske og skjønnlitterære kvalitet kan vere utgangspunkt for den litterære samtalen med dei yngste elevane, som vidare kan føre til meir openheit kring eit tabubelagt tema.

Masteroppgåve i norskdidaktikk
Rettleiar: Ingvild Hagen Kjørholt
Juni 2021

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for lærerutdanning

Samandrag

Føremålet med denne masteroppgåva er å undersøkje kvifor litterære samtalar om biletbøker med vanskelege og tabubelagde tema, som seksuelle overgrep, kan vere verdifullt å trekke inn i norskundervisinga i barneskulen. Eg ønskjer å sjå på grunnen til at slike litterære samtalar bør gjennomførast og korleis dei kan utførast. Eg skal difor gjere ein litterær analyse av ei biletbok, *Blekkspruten* av Gro Dahle og Svein Nyhus, med fokus på metaforbruk og symbolspråk, og sjå på korleis desse funna kan vere viktige og relevante for å gjennomføre ein litterær samtale om boka.

For å vise at seksuelle overgrep er noko som skjer i samfunnet, og at det er eit tema som skulen bør og skal ta tak i, har førekost og fakta blitt inkludert i innleiinga. Materialet for resten av oppgåva er henta inn frå teori om barnelitteraturen, der eg ser på korleis litteraturen har endra seg gjennom åra og korleis han er i dag. Eg har bruka biletbokteori, med fokus på lesaren si oppleving av den multimodale teksta, samt teori om biletboka sin eigenart. Teori om litterære samtalar har også blitt bruka, om korleis denne samtalen bør gå føre seg, og kva rolla til norsklæraren blir i dette.

Eg har også sett på eventuelle fallgruver som kan oppstå ved å bruke *Blekkspruten* i undervisninga. Ei av dei kan blant anna vere at sterke reaksjonar kan oppstå i samtalen om seksuelle overgrep, og at elevar kan kjenne seg att i skildringa. Målet er difor ikkje å undervise eksplisitt om seksuelle overgrep, men heller fokusere på biletboka sin estetikk og unike form for meiningsskaping. Dei fleste barn har heldigvis ikkje erfaring med seksuelle overgrep, og etter drøftinga av analysen meiner eg at biletboka om seksuelle overgrep har noko å tilby alle elevar.

I løpet av denne oppgåva har eg funne ut at biletboka om seksuelle overgrep kan gi moglegheiter til å snakke om seksuelle overgrep på ein implisitt måte som ikkje skremmer, gjennom å fokusere på illustrasjonane og verbalteksta sine metaforar og symbol. Gjennom den litterære samtalen om *Blekkspruten* kan elevane lære om kropp og kjensler, utan å snakke eksplisitt om seksuelle overgrep. I tillegg kan barna lære å sette seg inn i kjenslene og situasjonane til andre, som i *Blekkspruten* er ein fiktiv person. Sjølv om det er openbart for den vaksne lesaren at det er eit seksuelt overgrep som blir skildra i *Blekkspruten*, er boka full av tvitydige illustrasjonar og tekst, som opnar opp for mange ulike tolkingar og refleksjonar.

Abstract

The goal of this study is to research why literary conversations about picture books with difficult and taboo themes, such as sexual abuse, can be difficult to use and teach about in the classroom, and with young readers. I want to investigate why such literary conversations should be carried out, and how. With that in mind I am going to do a literary analysis of the picture book *Blekspruten* by Gro Dahle and Svein Nyhus. The focus of the analysis will be on metaphors and symbols in both text and pictures, and how these can be important and relevant to include in a literary conversation about the book.

To show that sexual abuse is something that is happening in the society, occurrence and facts has been included in the introduction. The material for the rest of this study is obtained from theory about children's literature. I look at how this literature has changed over the years, and how it is today. I have also used general theory about picture books, but I have also focused on the readers' experience of the multimodal text as well. I have included theory about literary conversations, how they should proceed and what role the teacher should have during the conversation.

I have also looked at problems that can occur when using a picture book about sexual abuse in class. One of them can be that pupils have strong reactions to the story. Therefore, the goal is not to teach explicit about sexual abuse, but to focus on the picture books aesthetic qualities, and its unique way to communicate. Luckily, most children do not have experience with sexual abuse, and after discussing both pros and cons, I believe the picture book about sexual abuse has something important to offer to all pupils.

By focusing on the illustrations and texts metaphors and symbols, I have found out that the picture book about sexual abuse can give opportunities to talk about sexual abuse in an implicit way, that does not scare. Through the literary conversation about *Blekspruten*, the pupils can learn about boundaries related to their bodies, and they can learn more about their own and others feelings. By reading about a fictive persons problem, they get the opportunity to put themselves in their difficult situations, which can help young readers to become more empathetic. To the adult reader, it is clear that there is a sexual abuse that is being described in *Blekspruten*. But due to its many ambiguous illustrations and text, it opens up to many interpretations and reflections.

Føreord

Eg har alltid vore interessert i og glad i barnelitteratur. Heilt frå eg var lita, da eg først vart lese for og seinare lærte å lese sjølv, og fram til no som voksen og lærar, har barnelitteratur betydd mykje for meg, og det er viktig for meg å velje ut god, underhaldande og meiningsfull litteratur for elevane mine. For meg har bøker alltid vore viktige, og eg meiner og trur at det at eg har blitt såpass mykje lest for, har gjort meg til den "lesehesten" eg vart. Som voksen er eg overtydd om at litteraturen har lært meg mykje, både om eige liv og andre sine liv, verda og samfunnet generelt. Som barn var det å få tilgang til nye univers gjennom bøkene spanande, og gjennom fantasien kunne eg leve meg inn i andre sin situasjon, både på godt og vondt. Mitt ønskje med denne oppgåva er å skape bevisstheit rundt korleis også biletbøker med vanskelege tema kan vere verdifulle for born, og korleis vi med denne litteraturen kan bidra til meir openheit, samt auka medkjensle for kvarandre. Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg fått eit bevisst syn på korleis biletbøker kan by på mange moglegheiter for litterære samtalar i undervisninga, gjennom sine mange bilete og tekst. Eg håpar funna mine kan vere til inspirasjon for andre lærarar, som gjer at dei ønskjer å nytte seg av slike bøker i eiga undervisning i skulen.

At det som starta med fleire hundretals sider med teori skulle bli til denne masteroppgåva hadde eg nesten ikkje trudd. Uteljeleg mange timer med lesing, skriving, frustrasjon, sletting, refleksjon, motivasjon som kom og for, og ikkje minst revidering kjem nok ikkje fram her i sluttproduktet, men som ville bli lett å snappe opp frå dei mange Word-dokumenta som har stått opne i fleire månader no. Endeleg er dei lukka! Denne (lange) skriveprosessen har lært med mykje, om både meg sjølv og om norskfaget, og eg både håpar og trur det har gjort meg til ein betre norsklærar. Når ein skriv ei slik oppgåve føler ein ofte at ein står bom fast. Ein knotar og pirkar, og kjem seg ikkje nokon stad. Men så gjer ein det likevel, nettopp fordi ein ikkje gir opp. Å utfordre seg sjølv på denne måten, og for så å kome gjennom gir ei merkeleg kjensle av meistring som ein ikkje kjenner på så alt for ofte! Det har vore nokre blindvegar og avsporingar undervegs, men det er vel det som har gjort at eg har kome meg i mål og. Eg har heldigvis under denne prosessen hatt ein dyktig og engasjert rettleiar: Ingvild Hagen Kjørholt, takk for tett samarbeid, alle gode råd og konstruktive kommentarar gjennom heile løpet. Eg må også takke mor mi, som med godt pågangsmot og under frivillig tvang, har lese korrektur for meg.

*Blant de mange verdener
som mennesket ikke har fått gave av naturen,
men har skapt på egen hånd
er bøkenes verden den største.*

Hermann Hesse (1877-1962)

Innhaldsliste

Føreord	IX
1 Innleiing	1
1.1 Studiens formål og forskingsprosjektet si problemstilling	1
1.2 Samfunnsproblemene overgrep mot barn	3
1.3 Skulen si rolle	3
1.4 Norskklæraren si rolle	5
1.5 Formål med studien	6
1.6 Oversikt over oppgåva	7
2 Teori	8
2.1 Barnelitteratur	8
2.1.1 <i>Vond og vanskeleg barnelitteratur – eit litteraturhistorisk perspektiv</i>	8
2.2 Biletboka	10
2.2.1 <i>Resepsjonen av omstridde biletbøker</i>	10
2.2.2 <i>Den multimodale biletboka</i>	13
2.2.3 <i>Symbol og metaforar i biletboka</i>	14
2.2.4 <i>Biletbøker om incest og overgrep – korleis lese denne litteraturen? Teoretiske og metodiske refleksjonar</i>	15
3 ANALYSE	20
3.1 Ei analyse av biletboka <i>Blekkspalten</i> – viktige metaforar og symbol i fokus	20
3.1.1 <i>Heimen i Blekkspalten – det trygge og det utrygge rom</i>	20
3.1.2 <i>Analyse av dyreformane/samanlikningane</i>	24
3.1.3 <i>Gullet og overgrepet</i>	28
3.1.4 Oppsummering av analysen	32
4 Drøfting	33
4.1 Litterære samtalar med dei yngste elevane	33
4.1.1 <i>Metaforar og forvandlingsmotivet som kjelde til litterære samtalar om Blekkspalten</i>	38
4.1.2 <i>Gullet</i>	39
4.1.3 <i>Heimen</i>	40
4.2 Lærarens rolle – eventuelle fallgruver	42
4.3 Kan tilby noko til alle	44
5 Oppsummering	46
6 Litteraturliste	48

1 Innleiing

1.1 Studiens formål og forskingsprosjektet si problemstilling

I denne oppgåva vil eg, frå eit litteraturfagleg perspektiv, undersøkje vald og overgrep i biletbøker gjennom ein tekstnær analyse av biletboka *Blekkspruten* av Gro Dahle og Svein Nyhus (2016). Analysen skal vere eit grunnlag for ein diskusjon om boka kan vere egna i litterære samtalar om incest og seksuelle overgrep i ein klasseromsamanheng saman med dei yngste elevane. Dette er ei aktuell bok som har blitt mykje omtalt på grunn av korleis dei har klart å rette søkelyset på seksuelle overgrep i ei biletbok for born. Biletboka har eit kort hendingsforløp, og handlar om eit born som opplever seksuelle overgrep. *Blekkspruten* har ein autoral forteljar, og den interne synsvinkelen er plassert hos overgrepsofferet. Vi får difor alltid vite korleis offeret opplever dei ulike situasjonane som uttarar seg. I *Blekkspruten* møter vi Gullet, Apen, mamma og pappa. Apen er storebror til Gullet, og dei har det til vanleg artig i lag, da Apen tullar og tøysar ofte. Men utover i forteljinga er det noko som endrar seg, og det verste ein kan tenkje seg skjer. Gullet blir utsett for eit seksuelt overgrep, utført av Apen. Men no er han ikkje Apen lengre, han er blitt til Blekkspruten. Etter at overgrepstet skjer føler ikkje Gullet seg som gull lenger, og ho går frå å vere ei glad jente, til å bli inneslutta, trist og redd. Etter kvart i forteljinga klarar Gullet å fortelje mor si om kva som har skjedd. Mora blir sint på Apen, og ringer rundt og skaffar hjelp til Gullet. Apen får ikkje lenger leike med Gullet, og i slutten av biletboka får lesarane sjå korleis Gullet litt etter litt klarar å bli gull igjen.

Blekkspruten er skrive på bestilling av Incestsenteret i Vestfold. Incestsenteret i Vestfold ønska ei bok som kunne lesast i lag med dei barna som kom dit (Likestillingssenteret, s. 9). Dagleg leiar ved Incestsenteret i Vestfold, Mary-Ann Oshaug, har uttalt at det er fleire som har etterspurt ei slik bok, og at ho håpar denne boka kan vere til hjelp for born. Gjennom Blekkspruten ønskjer ho at overgrepsutsette born kan kjenne att situasjonane, og lære at det ikkje er lov, og at den vil hjelpe dei til å tørre å seie i frå til nokon som kan hjelpe dei (Schjøll, 2016). Dette kan indikere at det har vore eit behov for nettopp ei slik bok, og at andre eksisterande bøker om seksuelle overgrep ikkje har strekt til med tanke på formålet. *Blekkspruten* er i utgangspunktet tenkt til å vere eit verktøy for å snakke med overgrepsutsette born om overgrep, og å hjelpe born til å opne seg opp om det vonde. I denne oppgåva skal eg derimot sjå på korleis ein kan lese og arbeide med *Blekkspruten* i klasserommet, som da er ein heilt annan kontekst og målgruppe enn det boka er tenkt til. Eg vil diskutere kva potensiale dette verket kan ha i undervisningssamanheng, og moglegvis finne ut om det er noko ved denne biletboka som gjer at ho også kan vere verdifull i ein slik kontekst.

Sidan biletboka *Blekkspruten* er eit bestillingsverk, påverkar det både verket og korleis vi som lesarar skal forstå det, da vi veit kva formålet med boka er. Incestsenteret har vore faglege rådgjevarar under utarbeiding av *Blekkspruten*. Som forfattar var det viktig for Dahle å legge inn fleire dimensjonar, som blant anna det psykologiske, sosiologiske, filosofiske og det etiske, både i teksta og i illustrasjonane (Likestillingssenteret, s.9). At det er Dahle og Nyhus som var ønska til dette arbeidet kan kome frå deira lange erfaring med å skape biletbøker med tabubelagde tema. Det kunstnariske og litterære uttrykket i *Blekkspruten* er langt i frå gløymd i alvoret av seksuelle overgrep. Det er tydeleg at ikkje

noko i denne biletboka er tilfeldig. Gjennom heile boka er det mange metaforar, små og store detaljar, og ein oppdagar noko nytt for kvar gong ein blar gjennom ho. I kvar og ein detalj ligg det ei meiningsmønster som born sjølv kan undre seg over, diktet vidare på eller kanskje kjenne seg att i. Hadde senteret sjølv skulle forsøkt å formidle eit slikt tema, gjennom for eksempel ein infofilm eller eit informasjonsskriv, er det ikkje sikkert borna hadde blitt nådd fram til på same måte som ei biletbok kan. Biletboka har eit unikt potensial til å framstille kjensler, stemningar og situasjonar på ein slik måte som born kan kjenne seg att i, og som kan gi dei moglegheita til å sjå sin eigen situasjon utanfrå, noko som kan hjelpe dei born som har opplevd seksuelle overgrep til å opne seg opp. Likevel blir situasjonen annleis når ein tar boka ut frå den tiltenkte situasjonen, nemleg terapirommet, og inn i klasserommet.

Som vaksen leser blir eg påverka av boka sitt alvorlege tema, eg held pusten medan eg les sidene der overgrepet skjer. Sjølv om det er ein grufull tematikk som er smertefull og ubegripeleg å lese om, er det likevel uthaldeleg å lese, da Dahle sitt rike språk, med Nyhus sine slåande illustrasjonar, klarar å formidle forteljinga også på ein kunstferdig måte. Både verbalteksta og illustrasjonane er prega av mange metaforar, som gir rom for mykje tolking. Ein må heile tida veksle mellom tekst og biletet, og lese forteljinga mellom linjene. Problemstillinga mi for denne oppgåva er: *Korleis kan norsklæraren skape ein litterær samtale med dei yngste elevane om biletbøker som handlar om seksuelle overgrep?* På grunn av dei estetiske trekka som har blitt tatt i bruk for å formidle seksuelle overgrep i boka, meiner eg at ho er eit godt val for å finne svar på det eg ønskjer å utforske og finne ut av. Boka sine estetiske kvalitetar opnar for eit stort tolkingsrom, samt rom for undring og samtale. Biletboka si unike form med biletet og teksten har moglegheiter for formidling som andre medium ikkje har, noko som da er interessant å undersøkje nærmere. Dei estetiske og medie-spesifikke kvalitetane gjer dette til ei ega form for å formidle kunnskap om overgrep til born på ein måte som dei både kan forstå og "tole".

Seksuelle overgrep har blitt meir og meir bruka som tema i norsk samtidslitteratur for vaksne. Hausten 2020 kom det mellom anna ut fleire bøker som skildra overgrep mot unge gutter, som *Eg er ein annan* av Jon Fosse, *Antifeministen* av Rune Salvesen, og *Jeg hadde en oppvekst nesten som min egen* av Per Marius Weidner-Olsen. Til tross for dette ser ein ikkje mange bøker med seksuelle overgrep som motiv som er meint for dei yngre leserane, langt færre i biletboksjangeren.

Seksuelle overgrep er ikkje uvanleg, men eg påstår at det er eit uvanleg tema å bruke i norskundervisninga. For å forsøke å svare på mi problemstilling har eg vald å bruke biletboka *Blekkspruten* av Gro Dahle og Svein Nyhus. Eg meiner det er for lite fokus på seksuelle overgrep i skulen er i dag, og eg vil difor undersøkje korleis temaet seksuelle overgrep kan bli behandla litterært i biletboka, og om det er hensiktsmessig å gjennomføre litterært arbeid i klasserommet med ei slik bok. For å finne ut om *Blekkspruten* er verdifull å ta i bruk, eller i det heile tatt ega i undervisningssamanheng, skal eg først analysere biletboka, der eg fokuserer på det tolkingsrommet boka skapar og korleis ho fortel gjennom sin metaforbruk. Deretter skal eg diskutere korleis boka kan vere eit utgangspunkt for ein litterær samtale om incest og seksuelle overgrep i klasserommet.

1.2 Samfunnsproblemet overgrep mot barn

I følgje Norsk Folkehelseinstitutt omfattar "seksuelle overgrep mot barn og unge [...] voldtekt, uønsket seksuell kontakt når personen er beruset eller bevisstløs, å bli utsatt for ufrivillig beføling av kjønnsorgan, å bli presset til seksuelle handlinger og andre former for seksuelle krenkelser" (Folkehelseinstituttet, 2020). I ein studie frå 2014 brukar Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatiske stress omgrepene seksuelle overgrep som eit overordna omgrep som dekkjer alle former for seksuelle krenkingar (Thoresen & Hjeddal, 2014, s. 32).

Barne-, ungdoms- og familieliderekoratet skriv at det å bli utsett for seksuelle overgrep i barndommen kan medføre særskilt alvorlege helsemessige konsekvensar (Bufdir, 2017). Barn som opplever seksuelle overgrep kan blant anna få søvnvanskar, lærevanskar, aggressjonsproblem, og trekkje seg tilbake frå det sosiale. Risikoen for psykiske problem og lidningar blir større, samt at barns kognitive, emosjonelle og nevrologiske utvikling blir påverka (Thoresen og Hjeddal, 2014).

I følgje ein rapport frå Redd barna er det heller ikkje eit fasitsvar på kven det er som blir utsette for seksuelle overgrep, da det skjer i alle typar heimar og i alle kulturar, uavhengig av familiens sosioøkonomisk status (Løvvik, 2015). I rapporten skriv dei og at dei fleste seksuelle overgrep mot born skjer utan brutalitet, tvang eller truslar, da personar som har eit forhold til barnet kan utnytte relasjonen og barnets tillit til å få overgropet til å virke som ein omsorgshandling, som noko barnet sjølv har ønska. Det er dessverre slik at seksuelle overgrep mot born og unge sjeldan blir meldt til politiet, og opptil ein av fire fortel at dei ikkje har fortalt nokon om overgropa dei har blitt utsette for. Grunnen til dette kan vere at det er vanskeleg for borna å fortelje eller å setje ord på det som har skjedd. Mange born held hendinga hemmeleg, da dei er redde for å ikkje bli trudd eller for konsekvensane, og dei kan også vere trua av den som har utført overgropet. Kjensla av skuld og skam kan også vere ei grunn for at dei ikkje fortel nokon om overgropet. Ein annan grunn til at dei ikkje fortel om dei seksuelle overgropa dei har opplevd kan også vere fordi dei ikkje ein gong veit at det er gale, da dei kanskje ikkje har hørt nokon snakke om det før. Det at seksuelle overgrep sjeldan blir meldt inn eller snakka om, er ein viktig peikepinn på at det er for lite fokus på dette i skulen i dag.

1.3 Skulen si rolle

Det er viktig å opplyse om at seksuelle overgrep er noko som faktisk *skjer*, og at dette er noko vi både bør snakke om og ha kunnskap om i skulen. Lærarar skal ikkje vere redde for å tenkje det utenkjelege. Som lærarar er ein pliktig til å kunne tenkje det verste, for å kunne avdekke vald og overgrep, og slik kunne hjelpe elevar i vanskelege stunder. Dette kan ein ikkje oppnå om ein unngår temaet, eller berre har ein rask gjennomgang i klasserommet om at dei må seie i frå om nokon gjer noko mot dei, som dei ikkje liker. Dette kan vere særskilt diffust for eit born, da barnet ikkje alltid sjølv veit eller forstår at det som har skjedd ikkje er lov. Born kan også kjenne på ei skam rundt det som har hendt dei. Skamkjensle er noko mange føler på etter å ha blitt utsett for overgrep i barndommen, noko som kan bli redusert gjennom fleire tiltak, blant anna gjennom å snakke ope om det i skulen. Skam handlar om at borna mistar noko av seg sjølv, og dei kan føle at andre har eit kritisk blikk til dei. Mange overgropsutsette born

kan også føle seg ekskludert frå fellesskapet, og da er det viktig at barnet har ein god vaksenperson som kan hjelpe han eller ho til å ta tilbake tryggleiken (Pettersen & Draugedalen, 2018).

Folkehelseinstituttets rapport "Forskning om effekt av opplærings- og informasjonstiltak om vold og seksuelle overgrep mot barn" (2017) har identifisert systematiske oversikter frå ulike studiar som viser effekten av å drive med opplærings- og informasjonstiltak om vald og seksuelle overgrep for born og unge (FHI, s.4). Dei kunne konkludere med at skulebaserte tiltak førte til auka kunnskap og ferdigheter i å førebyggje seksuelle overgrep (FHI, s. 15.). Dei fann også resultat på at skulebaserte tiltak forbetra eigenbeskyttande åtferd blant elevane, samt kunnskap om seksuelle overgrep avslørte tidlegare eller neverande seksuelle overgrep. Studiane kunne også vise til at ingen elevar fekk skadeverknad (angst eller frykt) av desse tiltaka (FHI, s. 15). Desse resultata viser at det er viktig at skulen driv med bevisst arbeid når det kjem til seksuelle overgrep, og at lærarane tar dette med inn i undervisninga si.

For at læraren skal kunne bli denne gode hjelparen er kunnskap om temaet er viktig. Skulen har i oppgåve å vere ein trygg arena for born, der dei vaksne skal passe på at kvart einaste born blir sett, følgt opp og at dei får dei beste føresetnadene for å lukkast (Redd Barna). Det er dei som arbeider på skulen som ser borna kvar einaste dag, over lang tid, og har dermed ei unik moglegheit til å kunne avdekkje om eit born har opplevd eller opplever vald, overgrep og omsorgssvikt (Redd Barna). Mange lærarar er ofte bekymra for at dei skal rippe opp i vonde opplevelingar eller sette i gong sterke kjensler hos eleven om dei tek opp temaet seksuelle overgrep, og vegrar seg difor mot å ta opp dette i klasserommet (Jakobsen, 2019). Dette viser at det ligg eit tabu over det å bli utsett for seksuelle overgrep, og i staden for å snakke om det, så vel mange å ikkje snakke om det. (Jakobsen, 2019) Det er difor viktig å oppfordre lærarar til å snakke opent med elevane sine om seksuelle overgrep for å sprengje tabuet. Ved å ha openheit om temaet, kan born si skamkjensle bli redusert og mogleg verke førebyggjande mot dei negative konsekvensane av seksuelle overgrep (Pettersen & Draugedalen, 2018). Dette krev naturlegvis at lærarane har dei nødvendige verktøya som trengs for å ha trygge og gode samtalar om dette temaet med elevane sine.

Tidlegare norsk forsking har funne at lærarutdanninga ikkje tek nok tak i temaet seksuell krenking og vald, og at det er lite samarbeid mellom lærarar når det kjem til å lage undervisningsarbeid rundt dette, og skuleleiinga er heller ikkje særleg opptekne av dette. Forskaren Beate Goldschmidt-Gjerløw meiner dette er alvorleg, og at lærarar både har eit etisk og eit juridisk ansvar for å sette denne tematikken på dagsordenen (sitert i Jakobsen, 2019). Ho skriv at lærarar skal undervise i tråd med FN sin barnekonvensjon, og at born må kunne kjenne til sine rettigheter for å kunne beskyttast mot vald og seksuelle overgrep. Dette legg til grunn at det må snakkast om i klasseromma. I følgje Goldschmidt-Gjerløw har internasjonal forsking konkludert med at det har ein positiv effekt at lærarar underviser i dette temaet. Ho meiner at:

Når barn får informasjon om hva seksuelle overgreper, hvilke relasjoner som kjennetegner overgriper og offer og hva de kan gjøre for å bryte ut av dette, har de større evne for å beskytte seg selv mot overgriperen og overgrepene. Jeg mener det er viktig lærdom som lærere bør ta inn over seg at det å snakke om dette i klasserommet gir barn økt beskyttelse (sitert i Jakobsen, 2019).

Ho seier også at fleire lærarar er usikre på korleis dei skal ta opp denne tematikken i klasserommet. Den tidlegare læraren meiner at dette er noko som lærarane bør samarbeide om, samt arbeide med på tvers av fag. I samfunnsfag kan ein for eksempel ta opp fagomgrep og diskusjonar, og i norskundervisninga kan ein bruke skjønnlitterære tekstar for å belyse denne problematikken. Forskaren er optimistisk til at det har blitt teke omsyn til dette i den nye fagfornyinga, der temaet har blitt ein del av læreplanen frå og med barneskulen. I fagfornyinga har folkehelse og livsmedisining kome inn som tverrfagleg tema, der dei aktuelle områda innanfor dette temaet er blant anna fysisk og psykisk helse, seksualitet og kjønn. Dette tverrfaglege temaet i skulen skal i følgje Udir gi elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir moglegheiter til å ta ansvarlege livsval. Folkehelse handlar om at elevane skal kunne ta gode val for helsa si, og livsmedisining handlar om det å kunne forstå og å kunne påverke faktorar som har betyding for meistring av eige liv (Utdanningsdirektoratet, 2020). Dette temaet er blitt ein viktig del av fagfornyinga, da det sett fokus på at elevane skal lære å handtere medgang og motgang, og det å takle personlege utfordringar på ein så god måte som mogleg. Det er høgst relevant at lærarane kan gi elevane dei verktøya som trengs for å kunne vere eit handlande menneske. I samanheng med seksuelle overgrep vil eit born betre kunne takle utfordringane sine, og påverke eige liv ved å kunne fortelje om det dei har opplevd. Slik blir eleven ein handlande aktør i sitt eige liv. For at dette skal vere mogleg er det viktig at lærarane har god kunnskap om utfordringar elevane kan oppleve, kanskje vonde ting som er vanskelege å oppdage og avdekke - som seksuelle overgrep. Dei må også ha kunnskap om, og verktøy for, å behandle dette temaet i klasserommet.

1.4 Norsklæraren si rolle

Når ein arbeider med litterære verk i skulen, slik som biletboka, er det vanleg å snakke om det ein har lest, og høre på kvarandre sine ulike tolkingar. Under søk etter forsking på biletboka har eg funne ein del studiar på korleis ein skal bruke biletboka i den vanskelege samtalen, men eg finn lite når det kjem til biletboka og seksuelle overgrep som tema, og korleis ein skal anvende dette litterært i klasserommet og kvifor. Fleire studiar tek opp korleis ein kan anvende biletboka for å kunne samtale med born om vanskelege tema, og for å blant anna kunne avdekkje seksuelle overgrep, men det blir som regel ikkje forklart *korleis* eller *kvifor* akkurat desse bøkene kan vere til hjelp – berre at dei er det. Noko av det mest interessante ved desse bøkene er korleis ein kan arbeide med desse bøkene, gjerne ved bruk av den litterære samtalen. Ein kan bruke denne type barnelitteratur til å snakke om noko utanfor litteraturen. Det kan vere eit reiskap, ein samtalestartar til eit tema som er særskilt sensitivt og følsamt å ta opp i ein vanleg klasseromsamanheng.

Kjersti Lersbryggen Mørk har forska på korleis vondskap blir framstilt i biletboka, men ikkje eit spesifikt fokus på seksuelle overgrep. Det er også gjort studiar på den komplekse biletboka i seg sjølv, der fleire av bøkene til Gro Dahle og Svein Nyhus har blitt bruka. Eg finn likevel lite studiar som viser til korleis akkurat desse komplekse biletbøkene med tabubelagde tema, skal bli bruka i den litterære samtalen i norskundervisninga. Tønnesen (2012) har skrive ei masteroppgåve i spesialpedagogikk, der ho tek for seg biletboka og den vanskelege samtalen med born. Her er fokuset på

traume og samtalar der ein arbeider seg gjennom traume, samt at ho ser litt på litterære verkemidlar, som metaforar, i spesifikke biletbøker. Dette er det fleire som gjer i studiane sine, men dei går ikkje så langt som å sjå på korleis elevane kan vere med i dette avkodings-arbeidet. Mitt ønskje er at elevane skal delta i ein slik litterær prosess, der ein finn litterære verkemiddel, reflekterer, analyserer og tolkar, som da vil føre til den litterære samtalen. Sidan eg finn lite forsking på akkurat dette, kan det tyde på at det er hol i norskundervisninga. Dette er hol eg ønskjer å forsøke å fylle, ved å prøve å finne ut korleis ein kan bruke den litterære samtalen til å arbeide med slike bøker i norskundervisninga. Fleire relevante kjelder for meg i denne samanhengen er Ingjerd Traaviks forskingsstudie *På liv og død – tabu i bildeboka* (2012) som innehold fleire analyser av bøker som behandler vanskelege tema, og ser på korleis litteraturen kan vere ein buffersone mellom lesar og verkelegheit, og slik hjelpe born til tryggleik. Barnelitteraturforskar Åse Marie Ommundsen med doktorgraden sin *Litterære grenseoverskrivelser* (2010) ser på korleis barnelitteraturen og vaksenlitteraturen sine grenser er på veg til å viskast ut, da også barnebøker no tek for seg vanskelege og tabubelagde tema. I det vidare arbeidet for denne oppgåva vil dei nemnde kjeldene bli relevante når eg i studien skal gi ei tekstnær analyse av ei biletbok, og undersøkje korleis ei biletbok med eit så vanskeleg tema som seksuelle overgrep kan bli brukta i litterære samtalar i ein undervisningssituasjon.

1.5 Formål med studien

Med denne oppgåva ønskjer eg å vise at skulen kan vere ein viktig arena for å få i gang tidlege samtalar om slike tema. Meir presist ønskjer eg å undersøkje korleis litteratur som har alvorleg tematikk kan vere til hjelp for å starte ein dialog om kropp, kjensler og grenser. Eg ønskjer å skape bevisstheit rundt seksuelle overgrep mot born i skulen og blant lærarar, og rette fokuset på korleis ein kan snakke om, og arbeide med dette i norskundervisninga. Min hypotese er at både norsklæraren og litteratur kan vere ein effektiv, god og viktig inngang for at born som har opplevd overgrep kan få dei orda og tryggleiken dei treng for å ville og kunne fortelje oss om det. Med effektiv meiner eg at biletboka kan vere ein god metode for å kunne snakke med born om dei vanskelege kjenslene, samt gi eit stort utbytte i arbeidet med både å førebyggje mot seksuelle overgrep. Kanskje kan rett og god bruk av bildeboklitteratur hjelpe dei overgrepsutsette borna ut av mørket? Eg vil også undersøkje om desse bøkene kan vere nyttig og verdifull litteratur for dei elevane som ikkje har opplevd seksuelle overgrep Samstundes skal eg ha eit kritisk perspektiv på denne litteraturen for å kunne vurdere om dette er litteratur vi i det heile tatt treng å anvende i skulen.

Eg trur at ein som norsklærar har store moglegheiter til å hjelpe born i vanskelege situasjoner, eller å hjelpe dei på vegen til å fortelje om desse tinga som har hendt, gjennom å bruke høveleg litteratur. Ein kan bruke litteratur som ein inngang til dei vanskelege samtalane, samt for å informere elevane på ein måte som dei kan forstå, og som dei kjenner seg att i, og tydeleggjere at vaksne ikkje har lov til å gjere slik mot born. Da er det viktig å vite kva for bøker ein kan bruke, og kvifor. Difor vil eg sjå på kva for estetiske trekk ei biletbok om seksuelle overgrep har, korleis boka appellerer til lesaren, kva illustrasjonane og teksta gjer med kvarandre og kva det gjer med mottakaren. Det vil vere interessant å sjå på korleis overgrep blir beskrive i ei biletbok som er meint for små born, både gjennom bileta og gjennom verbalteksta. Gjennom

bruk av biletboka trur eg det er mogleg å skape gode, litterære samtalar rundt eit tema som elles er vanskeleg å snakke om. Det kan vere vanskeleg å finne dei rette orda, og slik kan eit litterært godt verk vere til stor hjelp, både for læraren og barnet.

1.6 Oversikt over oppgåva

I den komande delen av oppgåva skal bakgrunnsteori samt relevant forsking bli presentert. Eg har valt å legge fokus på barnelitteratur og korleis den har endra seg, samt teori om biletboka og omstridde tema innanfor sjangeren, og korleis ein skal og bør lese tabubelagte biletbøker om incest og seksuelle overgrep. Eg skal også sjå på kva for metodar eg vil nytte meg av, der fokuset på metaforar og symbol skal vere fokus for analysen av Blekkspruten i del 3 av oppgåva. Funna frå analysen skal i del 4 bli drøfta i ljós av teori frå del 2. Avslutningsvis vil ei oppsummering av oppgåva bli presentert i del 5.

2 Teori

2.1 Barnelitteratur

2.1.1 Vond og vanskeleg barnelitteratur – eit litteraturhistorisk perspektiv

Barnelitteraturen har i lang tid har styrt unna det dystre og mørke, noko som i dei seinare åra har endra seg. Før var gjerne barnelitteraturen oppdragande, medan no har det vore ei auking av tabubelagde tema i bøkene for born. På 70-talet kom dei problemorienterte, sosialrealistiske forteljingane for ungdom, som handla om skilsmisse, død og sjukdom. I 1969 skreiv filosof Knud Ejler Løgstrup ein artikkel med tittelen "Moral og barnebøger" at forfattarar som skriv for born har eit særeige etisk ansvar. Han meinte at sidan born gjer ein total identifikasjon med det dei les, utan å kunne oppretthalde ein slags avstand slik som vaksne gjer, blir barnebokforfattaren pålagt ein ufråvikeleg forplikting (Leivestad, 2015). Løgstrup meinte difor at litteraturen for born ikkje under noko tilhøve skal ta frå borna livsmotet (Leivestad, 2015). No belyser og formidlar barnelitteraturen også vald og seksuelle overgrep, til og med gjennom biletbokformatet. Åse Marie Ommundsen, skriv i *Litterære grenseoverskridelser – når grensene mellom barne- og voksenlitteratur viskes ut* at det ikkje lenger er tematikken i barnelitteraturen som avgrensar om den er for born, men korleis den er skrive. Ho skriv at tematikk som tidlegare har vore tabu for born er ikkje lenger tabu (Ommundsen, 2010, s. 25), og at grenser og tabu blir brote og utfordra i den seinmoderne barnelitteraturen.

I 2009 kallar litteraturforskaren Rachel Falconer det siste tiåret for "A decade of border crossing" (Falconer, 2009, s.87). Med det meiner ho at grensene mellom barnelitteratur og voksenlitteratur er på veg til å forsvinne. Dette inneberer at grensene blir mindre tydelege både i form av at barnelitteraturen tek for seg tema som tidlegare var tenkt for voksenlitteraturen, samt korleis det blir fortalt. Ommundsen skriv at dei flytande grensene i litteraturen speglar dei flytande grensene i det seinmoderne samfunnet (2010, s.13). Barndommen blir ikkje lenger framstilt som ein leikande og uskyldsrein idyll i litteraturen. I staden blir han framstilt som ein livsfase med alvor og ansvar (Ommundsen, 2010, s.25). Barndommen vaksengjerast, altså blir meir alvorleg, og borna blir ansvarleggjorte. Det seinmoderne barnet må i sin ansvarleggjorte barndom ta ansvar for sitt eige liv. Den seinmoderne barnelitteraturen krev meir av sine leesarar, på same måte som at det seinmoderne tilvære, med alle sine endringar og valmogleheter, krev meir av menneske som enkeltindivid. Dette for at barnelitteraturen skal høyre meir i lag med born si utvida erfaring (Ommundsen, 2010, s. 25).

Ommundsen skriv at den seinmoderne barnelitteraturen speglar eit samfunn der ein ikkje lenger sett så skarpe skilje mellom aldersgrupper. Litteraturen dreier seg i stor grad om eksistensielle spørsmål og fellesmenneskelege erfaringar, born og vaksne blir møtt som likeverdige, som menneske med dei same utfordringane. Litteraturforskaren stiller spørsmålet "kanskje kan bevegelsen sies å gi et mer realistisk bilde av barndommen?" (Ommundsen, 2010, s. 55). Dette vil seie at barnelitteraturen tidlegare romantiserte barndommen, medan endringa som har skjedd i litteraturen i seinare tid viser korleis barndommen eigentleg er. Før var det også ein tradisjon for at barnelitteraturen skulle vere lukka, og alle stiane var merka (Ommundsen, 2010, s. 33). At barnelitteraturen er lukka vil seie at litteraturen er føreseileg, og at forteljingane ikkje byr på uventa hendingar. Det er heller ikkje rom for tolking. På denne måten blir

lesaren fort ein passiv mottakar, og resultatet kan vere at teksta blir oppfatta som keisam. Den moderne barnelitteraturen er derimot meir lik vaksenlitteraturen. Han er ikkje lukka, men er i staden sterkt prega av å vere ubestemd. Han er i tillegg kompleks og variert, har meir djupn, og lag på lag med strukturar (Ommundsen, 2010, s. 33). No må også barnelesarane relatere seg til tema som verkeleg kan ta i frå dei livsmotet. Så kor går eigentleg grensene? Finns det i det heile tatt grenser for kva ein kan skrive om i barnelitteraturen? Ein kan påstå at tabubelagde tema som seksuelle overgrep og incestskildringar er særleg problematiske når det kjem til kva ein skal forvente at lesaren skal måtte relatere seg til.

Eit av særtrekka ved barnelitteraturen om tabubelagde tema er det som den russiske litteraturforskaren Mikhail Bakhtin kallar for ikkje-realistiske forteljingar. Han har introdusert omgrepet «karnevalisert realitet», og handlar om at karakterane sin oppførsel ikkje er normal, og at både dei og alvorlege tema heller blir framstilt som anten komiske, latterlege eller groteske. Moderne barnebøker har blitt kritisert for å ikkje vere realistiske (Nikolajeva, 2015, s. 98), men moderne barnelitteratur er som anna moderne litteratur og kunst, nemleg ikkje noko som skal reflektere verkelegheita nøyaktig slik som ho er, eller skal vere. Det er heller meininga at litteraturen skal bryte opp verkelegheita til fleire ulike bitar, og det blir lesaren sin oppgåve og utfordring å sette saman dette (Nikolajeva, 2015, s. 98).

Førestillinga av det karnevalistiske impliserer ikkje at bøkene skal vere teatralske eller usannsynlege, men det er heller ein måte å oppnå distanse frå vonde aspekt av verkelegheita (Nikolajeva, 2015, s. 98). Dette er særsviktig å gjere når ein har med barn- og -ungdomslitteratur som har element av vald i seg. Litteraturforskaren Maria Nikolajeva nemner blant anna den svenske forfattaren Peter Pohl, da han blant anna har skrive bøker som tek opp alvorlege problem, som barnemishandling i *Johnny My Friend* (1985), mobbing i *Let's call him Anna*, og incest i *The Rainbow Only Has Eight Colors*. Nikolajeva meiner at det er ingen tvil om at universet i hans bøker blir karnevalistiske, da han ikkje speglar verkelegheita nøyaktig slik som ho faktisk er (Nikolajeva, 2015, s. 99). I analysen min vil eg vise at *Blekkspalten* kan karakteriserast som karnevalistisk gjennom si framstilling av dyreskapnader.

Det er tydeleg at det å skape tabubelagde biletbøker er ein eksisterande nordisk tendens. Dette er biletbøker som går i mot dei tradisjonelle biletbøkene, og som tek opp tabubelagde tema som overgrep, vald og omsorgssvikt. Kjersti Lersbryggen Mørk, stipendiat ved Norsk barnebokinstitutt, har forska på korleis vondskap blir formidla både etisk og estetisk i nyare litteratur for born. I studien sin undersøkjer ho korleis barnelitteraturen formidlar vondskap til sine unge lesarar, og rettar dermed fokuset mot forteljargrep og barneperspektivet. Ho går også inn på narrative grep, som blant anna språklege bilete, visuelle narrativ og intertekstualitet, og korleis alle desse grepa i lag framstiller ei kompleks, vanskeleg og sterkt forteljing. Mørk skriv at "familievold er et globalt folkehelseproblem. Til tross for at denne type vold de senere årene har blitt satt på dagsordenen, står altfor mange barn stemmeløse tilbake: umyndige, med en omsorgsgiver som er overgriper, i et samfunn som lider av berøringsangst." (Öhrn & Duke, 2019, s. 64). Mørk nemner også korleis desse barnebøkene tøyer barnelitteraturen si grense. Ho skriv at tabu skremmer, og at etter det ho har erfart er det dei vaksne som meiner at born ikkje har godt av slik tematikk, og vil beskytte og

skåne dei frø skadelege inntrykk, og på denne måten er det dei vaksne sine idear som bestemmer kva slags forteljingar barn kan tolke (Öhrn & Duke, 2019, s. 65).

Barnelitteraturen har blitt utfordra og forskyvd ei rekke gonger, da tabubelagde og sensitive tema stadig blir utforska på nye måtar. Mørk tar blant anna for seg *Sinna Mann* av Gro Dahle og Svein Nyhus i forskinga si. Ein kan seie at Dahle og Nyhus er representantar for denne tendensen i nordisk barnelitteratur. Mørk hevdar at det er ein tendens i den forstand at fleire nyare bøker utfordrar grensene for kva som kan skrivast om for born og for unge. Ho støttar seg på den amerikanske litteraturforskaren Kenneth Kidd, som snakkar om eit perspektivskifte, som er ei rørsle bort frå fokuset på å beskytte dei unge lesarane, og over til å eksponere dei for og konfrontere dei med vondskap. Denne eksponeringa og konfrontasjonen kan bli forstått som ein anna form for å beskytte borna. Ho seier at i dagens mediesamfunn kan det vere at vi tenkjer annleis om kva et vil seie å beskytte dei unge, og kva det vil seie å forberede dei på verkelegheita (Leivestad, 2015). Å beskytte born ved å eksponere dei for det som er vanskeleg og sårt handlar om at born blir meir robuste og i stand til å takle livet betre. Om ein alltid skjermar born for det som er vondt, kan ein ikkje forvente at dei veks opp til å bli sterke, og sjansen for å tolke det som kan gå dei i mot, blir mindre. Ved å lese bøker med grenseskridande tema, kan born bli meir rusta til å tolke den motgangen som ein gong kan kome. Å beskytte born mot all slags motgang ein kan møte på i livet er umogleg, men ein kan derimot lære dei korleis ein skal kome seg gjennom det som er vanskeleg. Ved at born får moglegheita til å lese om vanskelege hendingar og såre livssituasjonar som faktisk skjer i det verkelege liv, kan dei blant anna lære seg å vere aktørar i eige liv, samt lære å kjenne empati med andre born. Som Dyregrov skriv (2010), vil skjerming frå livets harde fakta skade borna, meir enn de hjelper dei. Ein kan midlertidig spørje seg om det å bli eksponert for overgrepforteljingar vil vere positivt for dei borna som ikkje har erfaringar med vald.

Medan Ommundsen hevdar at det er form og stil på barnelitteraturen som skil barne- og vaksenlitteraturen, kan ein ut i å frå det Mørk har skrive om barnelitteraturen konkludere med at ho meiner det heller er tematikken. I følgje Ommundsen handlar det om korleis noko blir presentert, og at barnelitteraturen kan handle om så og sei alt, så lengje tematikken blir presentert på ein måte som er akseptabel for barnelitteraturen. Mørk seier derimot at dei vaksne vil skjerme born for slik tematikk, uavhengig av korleis den blir presentert, da dei trur slike tabu kan gjøre skade. Dette viser at forskarane ikkje er einstemmige når det kjem til tabu i barnelitteraturen, og at dei har ulike oppfatningar og forståingar av kva som skil barne og vaksenlitteratur.

2.2 Biletboka

2.2.1 Resepsjonen av omstridde biletbøker

Det Ommundsen skriv kan derimot sjå ut til å ha noko med seg, om eg ser det i ljós av kva for omtalar biletbøkene *Sesam*, *Sesam* (2017) og *Blekkspruten* (2016) har fått. Begge to har ein tabu tematikk, der den eine boka handlar om porno, den andre om vald og overgrep, men dei er laga på ein heilt forskjellig måte og fått særslig tilbakemeldingar. Medan *Sesam*, *Sesam* viser alt, er *Blekkspruten* full av metaforar og symbol, i staden for å vise kva som faktisk skjer. Blant dei som har skapt biletbøker med ein tabubelagt tematikk finn vi Gro Dahle og Svein Nyhus. Ekteparet har nemleg

utarbeidd fleire biletbøker som tek opp vanskelege og gjerne tabubelagde tema, som vald og overgrep i heimen og omsorgssvikt. I biletboka *Sinna Mann* (2003) blir mora til ein gut slått av far, *Akvarium* (2014) handlar om at det er barnet som må ta vare på mor si, og i *Håret til mamma* (2007) møter vi ei jente som må relatere seg til si psykisk sjuke mor. Død og depresjon er også tema som kan vere vanskeleg å snakke om, både for born og for vaksne. Andre biletbøker med slik vanskeleg og sår tematikk av andre forfattarar er blant anna *Førstemamma på Mars* (2013) av Gyrid Axe Øvsteng og Per Ragnar Møkleby, som handlar om ei lita jente som ikkje vil godta at mora er alvorleg sjuk, og *Olava og bestefar* (2013), som handlar om at ei jente mistar bestefar sin. Til slutt vil eg nemne Martine Grande si biletbok *Kakerlakken med den stygge frakken... og hovudet fullt av triste tankar* (2013), som handlar om kakerlakken som får tunge vintertankar. Det desse bøkene har til felles er at dei handlar om situasjonar som skjer i heimen, og som i dagens samfunn blir haldt hemmeleg og ikkje snakka om. I desse bøkene derimot blir både overgrep, vald og andre vanskelege tema løfta fram, noko som både lar lesaren stå att med sterke inntrykk, men som også opnar opp for at born kan snakke om kva som skjer heime hos dei. På denne måten kan desse barnebøkene fungere som ein dør opnar til tabu og vanskelege samtaleemne med born (Tønnesen, 2012, s. 49).

I *På tværs av Norden* (2019) blir det diskutert korleis barnelitteratur med tabubelagt tematikk blir omtalt og teke i mot av pressa. Her blir det trekt fram at på den eine sida er det ein barnebokkritikk som omfamar denne type bøker, men at desse utfordrande bøkene også blir møtt med skepsis og denne type ytringar "Kan ein verkeleg skrive slik til born?" (Öhrn & Duke, 2019, s. 39). Her blir ein grafisk roman/teikneserie for born og unge trekt fram, *Ivalu* av Morten Dürr og Lars Horneman. Denne boka har ein dyster tematikk, nemleg seksuelle overgrep mot born, incest og sjølvomord. Eit godt eksempel på pressens skepsis mot slike bøker er korleis journalistane under eit radiointervju med forfattarane, valde å fokusere på om borna eigentleg toler å lese denne type bøker. Dette gir ein indikasjon på at det fortsett kan vere ei utbreidd haldning i samfunnet i dag om at barnebøker ikkje bør ta opp vald og overgrep. Men kvifor skal det ikkje vere mogleg at biletbøker kan ha redselsfull tematikk? *På tværs af Norden* snakkar om korleis barnebokkritikken alt for ofte set born i bås, med den oppfatninga av at alle born les all slags litteratur på nøyaktig same måte (Öhrn & Duke, 2019, s. 40), samt at dei ikkje kan tolle å lese om grufulle hendingar. Pressens kritikk kan her vise at sjølv om det å ta opp problemorienterte tema i barne- og ungdomslitteratur ikkje er noko nytt, er seksuelle overgrep enno tabubelagt, på tross av at grensene er tøya for kva som kan inkluderast i barnelitteraturen.

For å underbygge forskinga om at seksuelle overgrep og vald er tabubelagde tema, kan ein blant anna sjå på korleis biletbøker med liknande tematikk har blitt motteke og omtala av foreldre, litteraturformidlarar og media. Biletboka *Sesam, Sesam* av Gro Dahle og Kaja Nyhus fekk blant anna stor merksemd, der fleire gjekk ut og kritiserte ho for biletboka sitt innhald og tematikk, og boka vart skulda å vere ei pornobok for born (Ørjasæter, 2017). Gjennom media har føresette blitt skremt av professorar som hevder at born tek skade av slike bøker (Drefvelin, 2017), eller at "ekspertar" går ut og seier at denne boka får born til å oppsøke porno (Nobel, 2017). I *Aftenposten* har blant anna barnepsykolog, Elisabeth Gerhardsen, åtvara foreldre mot å lese denne boka for borna sine (Elnan, 2017), da ho påstår at som eit utfall av å lese slike bøker, vil born bli påverka til å leite fram porno og bilete av vaksne som har sex.

Også *Sinna mann* har fått sterke reaksjonar. Lystrup har vist at biblioteka ofte plasserer denne boka i dei øvre hyllene, utanfor synsfeltet til dei yngste borna (Lystrup, 2020). Det er interessant å sjå på kor fokuset til desse kritikarane ligg, og kva dei ikkje nemner i det heile. Ut i frå det eg har lest er det eit stort fokus på tematikk, og at boka ikkje passar for born. Kristin Ørjasæter, direktør ved Norsk Barnebokinstitutt, er ikkje einig i kritikken, men heller positiv til denne type barnelitteratur. Born blir eksponert for det meste på internett og sosiale medium døgnet rundt, utan noko form for forklaring eller diskusjon rundt det dei har sett. Ørjasæter meiner at desse bøkene er skapa for å gi born verktøy til å kunne takle det dei eventuelt ser, da det nesten er umogleg å skjerme born for det dei kan finne fram til på nett (Ørjasæter, 2017). Ørjasæter har fremma at ein kan trekkje generelle slutningar om at dette er eit fokus som media eller litteraturformidlarar gløymer å ta omsyn til, med ein gong dei blir konfrontert med biletbøker (eller generelt barnelitteratur) som bryt tabubelagde og samfunnsskapte grenser om kva ein kan snakke med born om (Ørjasæter, 2017). Dette er ein posisjon som eg stiller meg bak.

Sjølv om det er mange som kritiserer desse bøkene som tek opp ubehagelege tema, ser ein altså eit ønskje om fleire slike bøker. Anne Cathrine Straume, litteraturkritikar i NRK, har skrive kronikken «Vi trenger barnebøker om overgrep» (2016), der ho tek for seg biletboka *Blekkspruten*. Her gjer ho det dei fleste kritikarane gløymer, nemleg ser på illustrasjonane og verbaltekst i lag, og kva for moglegheiter desse to kunstformene skapar, som blant anna at illustrasjonane kan skape assosiasjonar hos born, og kan bidra til at dei erfarer at det finns grenser for kva nokon kan gjere med kroppen deira (Straume, 2016). Vidare skriv ho at *Blekkspruten* er eit kunstnarisk verk, med fleire nyansar og ulike lag i både bilet og tekst, som let forteljinga utvide seg, og som gir leesarane referansar til ein kvardag som han eller ho kan relatere seg til. Dette er ei oppfatning av *Blekkspruten* som eg deler, og som eg ønskjer å utforske nærmare og grundigare gjennom analysen og drøftinga mi.

For det er ikkje slik at hensikta til denne biletkunsten er å vere oppdragande, men heller å vere pedagogisk ved å skape innsikt gjennom oppleving og moglegheiter for refleksjon, ofte i lag med ein forstandig voksenperson, gjennom høglesing og litterær samtale. Ved at born får lese biletbøker som omhandlar liva deira, får dei og moglegheita til å sjå sine eigne problem utanfrå, og kan slik oppnå meir innsikt og bli ytterlegare i stand til å takle dei ulike utfordringane livet har å by på.

Blekkspruten sin tematikk er nok meir sårbar enn *Sesam, Sesam*, da den handlar om noko så forferdeleg som incest og seksuelt overgrep, så det at illustrasjonane ikkje skal vere så realistiske her er nok eit sjølvfølgje, men det er likevel interessant å sjå kor ulikt desse to har blitt tatt i mot av både media og andre kritikarar. Ein kan få inntrykk av at det Ommundsen skriv om korleis tematikken blir presentert, har mykje å seie for korleis den blir tatt i mot. *Blekkspruten* kan bli sett på som meir "barnevenleg" på grunn av illustrasjonane, medan *Sesam, Sesam* kan bli oppfatta som for voksen i forhold til dei den er meint for, nemleg på grunn av den ikkje går rundt grauten, men heller viser alt på ein relativt bokstavleg måte, som nokre kan meine passar best for voksne. Også det Mørk skriv om kva som skil barne- og voksenlitteratur er relevant.

Ingjerd Traavik skriv at sjølv om fleire av dei temaa som tidlegare har vore sterkt tabubelagt, no blir løfta fram i offentlegheita og kan bli framstilt i biletbøker for born, tyder ikkje på at det blir enklare å relatere seg til (Traavik, 2012 s. 11). Det er nemleg "taburestens" eigenart å kjenne på at det er pinleg, vondt og skambelagt å snakke om slike vanskelege tema (Traavik, 2012, s. 11), og det er blant anna dette som skil denne typen litteratur frå anna litteratur. Dette tyder at sjølv om det no blir skrive om, så er det framleis tema som er skambelagt, til tross for at det er meir openheit rundt dette. Det oppstår enno sterke reaksjonar når biletbøker tek opp og illustrerer tema som nokre meiner passar best for vaksne. Gro Dahle og Svein Nyhus, som har blitt representantar for ein norsk nordisk tendens i barnelitteraturen, har tydeleg oppdaga eit behov for meir av slike bøker i barnelitteraturen, og da spesielt i biletboka.

2.2.2 Den multimodale biletboka

Nikolajeva definerer biletboka som ein unik kunstform, som nyttar seg av ein kombinasjon av det verbale og det visuelle (Nikolajeva, 2000, s. 11). Biletboka er ein multimodal tekst, da den fortel ei forteljing gjennom to ulike modalitetar. Den verbale kommunikasjonsnivået tyder den verbale teksta, og det visuelle tyder dei bileta som blir presentert i biletboka. I følgje Nikolajeva, formidlar biletboka informasjon på ein radikalt annleis måte enn for eksempel ein roman, dette fordi biletboka er eit samansett medium. Dette tyder at mottakaren er nøydd til å setje saman desse to ulike kommunikasjonsformene for å få ein heilskap. Ein kan ikkje lese orda, utan illustrasjonane, og ein kan ikkje berre sjå på illustrasjonane utan å lese orda, da det er syntesen av det verbale og illustrasjonane som er biletbokas eigentlege tekst. Dei to ulike modalitetane har ulike moglegheiter til å skape mening, og det er dette vi kallar *modal affordans* (Kress & Van Leeuwen, 1996, s. 154-160). For å kunne tolke dei ulike modalitetane, krevjar det ulik tolkingskompetanse, og ved lesing av biletboka treng ein kompetanse i tolking av både verbaltekst og bilet.

Nikolajeva rettar fokuset på to vanlege fordommar om biletboka. Den eine er at det er ei bok for særsmå born, den andre er at biletbøker er enkle, rett og slett den enklaste delen av barnelitteraturen (Nikolajeva, 2000, s. 263). Nikolajeva meiner at biletboka slett ikkje er ein homogen gruppe bøker. Ho skriv at dei moderne biletbøkene, i likskap med moderne barneromanar, ofte sprenger dei konvensjonelle sjangergrensene, og kan bli både vanskelege og umoglege å sjangerbestemme (Nikolajeva, 2000, s. 57). I denne oppgåva legg eg Nikolajeva sitt syn på biletboka som grensesprengande til grunn, og eg vil undersøkje korleis tabubelagt tematikk, altså seksuelle overgrep, bidreg til å utfordre denne sjangerkonvensjonen.

Den nye biletboka speglar ein seinmoderne barndom, som føreset at lesaren har ein brei tekstkompetanse (Ommundsen, 2010, s. 12). Å lese ei biletbok kan vere særskomplisert, og det er lett å oversjå alle symbola i biletpråket (Ommundsen, 2010, s. 15). Gjennom biletutsnitt kan ein blant anna understreke kjensler, forsterke spenning eller tilføre distanse eller intimitet til eit motiv. Ulike perspektiv i biletboka bidreg til formidlinga av ulike hendingar. Fugleperspektiv skapar for eksempel overblikk eller avstand, men det kan også kommunisere makt og autoritet (Birkeland & Mjør, 2012, s. 77). Ved bruk av froskeperspektiv formidlar ein avmakt, som ofte er i forholdet mellom ein som er stor og ein som er liten, eller nokon som er mektig og nokon som er underlegen. Når illustratøren opphevar vanlege reglar for proporsjonar, kallar vi det for

verdiperspektiv. Dette tyder at personar og gjenstandar kan bli framstilt som mykje mindre eller større enn kva dei eigentleg er i verkelegheita (Birkeland & Mjør, 2012, s.78).

Biletboka si meining blir realisert gjennom to ulike teiknsystem, bilete og tekst, og ein brukar omgrepet ikonotekst for å forklare denne heilskapen i biletboka. Nikolajeva skriv i *Bilderbokens pusselbitar* at "[I]äsaren pendlar mellan det verbala och det visuella, medan förståelsen blir bredare och djupare" (Nikolajeva 2000, s. 13). Ikonotekst vart lansert som eit omgrep av Kristin Hallbergs artikkel "Litteraturvetenskapen och bilderboksforskningen" (sitert i Skaret, 2013, s. 1). Hallberg skriv at bildebokas "eigentlege tekst" er interaksjonen mellom desse to semiotiske systema. Det er når biletboka først blir lest at den impliserte interaksjonen mellom tekst og bilet blir realisert som "biletboktekst" (sitert i Skaret 201, s. 1). Det er på grunn av dette at omgrepet ikonotekst blir bruka i staden for *tekst* når det kjem til biletbøker. Biletbokas lesar både ser og les samtidig, så bilet og ord kan ikkje bli skilt frå kvarandre (Løvland, 2010, s.1).

2.2.3 Symbol og metaforar i biletboka

Nyhus er blant anna kjent for sine detaljrike illustrasjonar, som gjerne er fulle av symbol og metaforar. Han har sjølv uttalt at han likar å "trigge tanker og vekke assosiasjoner" ved å "leke med symboler og antydninger" (Nyhus, 2016). Symbol og metaforar er i biletboka generelt særrelevant, og i *Blekkspruten* er slik symbolleik, som Nyhus beskriv, sentralt. Symbol er gjerne gjenstandar som blir bruaka for overføre ei djupare meining (Svendsen, 2018). I litteraturvitenskapelig leksikon blir symbol beskrive som ei biletleg framstilling av ein kompleks og samansatt kjensle, forestilling eller realitet (Lothe, Refsum & Solberg, 2007, s. 220). Når lesaren ser slike symbol i litteraturen kan han eller ho stille spørsmål ved funksjonen deira, og kva dei eigentleg skal illustrere. Metaforar er ord eller uttrykk som brukas i biletleg eller overført betydning (Lothe et al., 2007, s. 135). Dei gjer oss nysgjerrige, undrande og opne for å finne ei meining (Mossige, 1996 sitert i Tønnesen, 2012). Metaforar ber med seg fleire moglege meininger, og born kan tolke dei ulike metaforane i ulike retningar. Illustrasjonar og formuleringar kan gi born moglegheit til å søkje meining i metaforane, og overføre dei til sitt eige liv, for å kunne sette seg inn i forteljinga. I min analyse vil eg rette merksemda mot *Blekkspruten* sitt metaforiske og symbolske formspråk.

Spesialpedagog Tønnesen har i si masteravhandling *Bildeboka og den vanskelige samtalen med barn*, peika på at metaforar kan ha ein terapeutisk effekt på born (Tønnesen, 2012, s. 68). Ved å lese ei slik biletbok kan born med smertefulle kjensler og opplevingar, som seksuelle overgrep, innsjå at dei ikkje er aleine men sine erfaringar (Tønnesen, 2012, s. 69). Forteljingar med metaforar og symbol kan gi born moglegheita til ei trygg utforsking av det grufulle som har skjedd, og kan ofte vere å føretrekke framfor realistiske beskrivingar. Traumatiserte born er ikkje alltid opne for direkte samtale om det dei har blitt utsette for, så ein indirekte kommunikasjon gjennom boka sin karakter og tema kan dermed føre til gode resultat (Tønnesen, 2012, s. 69). Tønnesen (2012) legg og vekt på korleis metaforar kan bli bruka som kompensasjon for barnets manglande språklege og logiske kapasitet, og at dei kan utvide barnet si forståing og oppfatning av tema som elles kan vere vanskelege å ordlegge seg om

(Tønnesen, 2012, s. 23). Ved å kommunisere gjennom metaforane kan barnet få moglegheita til å sjå historia utanfrå, med ein slags distanse til dei hendingane som er vanskelege. Barn blir stimulerte av metaforar, og beherskar dei også godt, kanskje betre enn kva ein voksen nokre gonger kan førestille seg (Øvereeide, 2009 sitert i Tønnesen, 2012, s. 23). Desse omskrivingane ved bruk av metaforar gjer det mogleg for born å nærme seg utrygge tema, og det som er umogleg å snakke direkte om blir likevel mogleg. I litteraturen blir gjerne metaforar brukte for å kommunisere eit problem på ein indirekte måte, også korleis det utartar seg og korleis det kan løyse seg. I barnelitteraturen vil forteljinga vere illustrasjonar og metaforar som barna kan kjenne seg att i, og overføre betydingar frå forteljinga til eigne erfaringar (Tønnesen, 2012, s. 23). Om metaforane har ein personleg relevans for barnet, kan det fungere som eit terapeutisk verktøy (Mossige, 1996 sitert i Tønnesen, 2012, s. 23).

2.2.4 Biletbøker om incest og overgrep – korleis lese denne litteraturen? Teoretiske og metodiske refleksjonar

Før var det vanleg å anta at om dei vaksne ikkje snakka med born om det som hadde hendt, så ville dei til slutt gløyme det, eller vekse i frå det. No veit vi at dette ikkje stemmer, og at å skjerme born frå alt som er vanskeleg heller kan skade dei meir enn det hjelper dei (Dyregrov, 2010 sitert i Tønnesen, 2012, s. 13). Born som har blitt utsatt for traume har behov for å få hjelp, og å arbeide seg gjennom det traumatiske som har skjedd. For å skape tryggleik for barnet, treng det informasjon og forklaringar på kvifor det som har hendt, har hendt (Holmsen, 2011 sitert i Tønnesen, 2012, s. 13). Dette skjer da gjennom samtale med born, og denne samtales kan utvikle seg på ulike måtar. Tønnesen skriv om at det å anvende kreative intervensionar, som kunst, musikk, poesi, metaforar, litterære tekstar og bøker er noko av moglegheitene for å skape samtale rundt det vonde. Vidare skriv ho at born oppdagar sine eigne tankar og kjensler ved å bruke kreativitet og fantasi i behandling av traume, som blant anna å bruke ei biletbok om seksuelle overgrep. Kreative uttrykksmåtar, slik som biletboka, kan tilby barnet å plassere dei traumatiske hendingane inn i eit objekt, eit bilet eller ei forteljing, noko som vidare kan gi dei ei kjensle av å ha kontroll over både seg sjølv og dei vonde minna (Malchiodi, 2008 sitert i Tønnesen, 2012, s. 13). Ut i frå dette kan ein trekke slutningar om at ei biletbok kan ha eit stort potensial når det kjem til arbeid med traumatiserte born, og at det kan vere eit godt verktøy for å hjelpe dei overgreputsette borna til å snakke om det.

Det som er spesielt med *Blekspruten* er den sterke metaforbruken, som kan vere verdifullt å ta tak i ved ein samtale. Elevane får moglegheita til å gå i dialog med kvarandre, og læraren får i oppgåve å halde på elevanes nysgjerrigkeit, samt å leie arbeidet vidare. Ved at elevane får anvende eigen kunnskap, har ein moglegheita til å skape gode litterære diskusjonar om seksuelle overgrep. Samstundes kan det å anvende slik litteratur i norskundervisninga hjelpe born til å takla kvardagen sin betre, eller hjelpe dei på vegen til å ville opne seg for læraren. Når elevane blir nøydde til å bruke eigne tankar og erfaringar til å fylle inn det som ikkje blir eksplisitt fortalt i forteljinga, kan det bevisst eller ubevisst føre til gjennomarbeidning av eigen identitet (Hegde, 2013, s. 45-46). Det vil seie at også elevane som ikkje har dei same erfaringane med det som blir framstilt, så vil også desse klare å trekke ut ei mening frå teksta og bileta, til tross for

om det er ei krevjande tekst. Dette skal det vere rom for, og det er akkurat det som gjer denne litteraturen levande (Hegde, 2013, s. 46).

Ein kan også hevde at denne litteraturen kan vere med på å skape empati¹ og forståing for utsette medelevar. Traavik skriv i Tabu i bildeboka at vi gjennom forteljinga lærer vårt emosjonelle repertoar, og i dette repertoaret er empati viktig (Traavik, 2012, s. 12). Om vi ikkje hadde forteljinga, ville vi ikkje vere kapable til å sette oss inn i andre sine situasjonar, eller forstå korleis dei tenkjer og føler (Traavik, 2012, s. 12). I *Blekkspruten* blir mange kjensler illustrert og beskrive verbalt, og krevjar at elevane lever seg inn i nokon annan sin situasjon. Lesing styrker våre empatiske evner, og dei borna som blir lest for vil difor utvikle evna til empati. Gjennom forteljingane får vi både tolkingskompetanse og innlevingskompetanse på menneskelege handlingar (Traavik, 2012, s. 12). Skjønnlitteratur stimulerer altså dei delane av hjernen vi treng til empati. Under lesinga blir born forskrarar, og prøvar seg fram med ulike tolkingar. Dei vil da utforske både sitt eige og karakterens sinn i dette tolkingsarbeidet. Å skulle forstå ein karakters indre liv basert på den informasjonen ein får gjennom tvitydige bilet og verbaltekst, er ein kompleks kognitiv prosess som etter kvart kan skape drivne analytikarar, men som krevjar mykje av lesaren. Fokuser mitt vidare vil vere på lesaren, og på å vise til nokre omgrep som vil hjelpe meg å analysere og forstå borns leseprosess.

Illustrasjonane i ei biletbok uttrykkjer gjennom biletta stemningar og kjensler som kan vere vanskeleg for born å uttrykkje gjennom ord. Dette er som regel kjensler og erfaringar som born kan kjenne seg att i, ut i frå sin eigen erfaringshorisont (Ibid. Tønnesen, 2012, s. 19). Det er ofte slik at born identifiserer seg med anten karakterane eller historia, bevisst eller ikkje. Dette gjer dei ved at dei anten opplever at karakteren har det slik som dei, på godt og vondt, eller ved å bli bevisst på nye sider ved seg sjølv i møte med hovudkarakteren. Når born sjølv ikkje klarar å uttrykkje seg, kan bøker vere eit hjelpsamt verktøy for å kunne sette ord på det dei føler eller har opplevd (Bjorvand, 2002 sitert i Tønnesen, 2012, s. 19). Forteljingar og metaforar kan vere nytig for både å uttrykkje seg og for meiningsskaping. Når born finn mening i ei tekst, vil dei kople teksta til sitt eige liv, og gjennom teksta vil dei sjå sine eigne handlingar og kjenne seg att i, og identifisere seg med, dei ulike karakterane. Denne identifiseringa som skjer mellom barnet og hovudkarakteren i ei tekst kan ha ein terapeutisk effekt. Også samtalen om teksta, der ein stiller spørsmål og kommenterer handlinga, kan hjelpe born i deira handtering av traumet (Dyregrov, 2012 sitert i Tønnesen, 2012, s. 20). Når born opplever si eiga historie gjennom andre karakterar, vil det opplevast som ei normalisering av det barnet har erfart. Gjennom biletboka kan barnet få eit positivt og løysningsorientert syn på eigen situasjon, samt får vite at andre også er i same situasjon, eller har det slik som han eller ho. Gjennom å snakke med barnet om ei bok, kan born få moglegheita til å indirekte snakke om det som er vondt (Øvereeide, 2009 sitert i Tønnesen, 2012, s. 20). På denne måten kan biletboka vere ein god introduksjon til det vanskelege temaet, og det er her *Blekkspruten* kan vere eit godt pedagogisk reiskap for å opne opp til samtale.

¹ Ordet empati vart i aukande grad bruka frå 1800-talet, og var opphavleg ei beteikning for å oppnå auka forståing av kunst. Ordet er satt saman av dei greske orda *en*, som tyder "inn", og *pathos*, som tyder "kjensle" eller "lidelse", som da blir innkjensle – som da vil seie å leve seg inn i andre sine tankar og kjensler (Tuft, 2019).

I diskusjonen av *Blekspruten* som grunnlag for litterære samtalar i skulen, vil eg rette merksemda på barnet som fortolkar, og støtte meg til dei teoretiske omgrepene "forventningshorisont" og "tomme plassar". Mitt mål med denne studien er å sjå om biletbøker kan vere eit verktøy for å opne opp for samtalar om seksuelle overgrep, samt litterære samtalar rundt dette teamet, i lag med dei yngste elevane. For å kunne vurdere og vise kva for potensial biletboka kan ha for eit slikt formål, vil eg gi ein litterær analyse av biletboka *Blekspruten*. Eg ønskjer å ha fokus på det estetiske ved biletboka, da biletboka si moglegheit til å formidle gjennom både verbaltekst og illustrasjonar er det som skil biletboka frå andre forteljingar. Vidare i dette kapittelet vil eg sjå på kva for teori eg støtta meg på under analysen av *Blekspruten*.

Å lese ei biletbok krev ein annan kompetanse enn når ein les ein roman, ei novelle eller andre forteljingar. Nikolajeva presenterer fleire verktøy for å kunne analysere biletbøker i boka si *Bilderbokens pusselbitar* (2000). I boka beskriv ho blant anna biletboka sine ulike aspekt, som miljøskildring, personskildring, forteljarperspektiv, temporalitet og modalitet. Ho tek også opp biletboka som estetisk objekt, der ho rettar fokus på at blant anna boka sitt omslag, forsatsblad og tittelside må bli betrakta som ein del av biletboka sin estetiske heilskap. Biletboka si forteljing kan byrje allereie på omslaget til boka, og til og med fortsette forbi boka si siste side og over på baksida av omslaget (Nikolajeva, 2000, s. 63).

Eg vil analysere *Blekspruten* i eit hermeneutisk perspektiv. Det vil seie at vi alltid går inn i ei tekst med våre eigne førestillingar, våre fordommar og vår eiga orientering. Dette betyr at enkeltmennesket har samla erfaringar og kunnskapar, som gjer det mogleg for oss å kunne forstå noko nytt og annleis (Vinje, 1993, s. 37). Om ein ikkje har fordommar, har ein heller ikkje noko reiskap som ein kan nytte for å kunne forstå med, eller som grunnlag til å spørje spørsmål som kan forklare det ukjende. I denne oppfatninga av hermeneutikk er omgrepene forventningshorisont eit sentralt omgrep (Vinje, 1993, s. 37). Dei førestillingane eller fordommane som lesaren har med seg er det me kollar for forventningshorisont. Dette ber han med seg anten han vil eller ikkje, og om han er bevisst på det eller ikkje. Lesaren tek ikkje berre passivt imot eller finn fram til ei opphavleg mening, men han brukar føresetnadane sine til å vere ein aktiv medskapar av meiningsa (Vinje, 1993, s. 37). I dette tilfellet er dette interessant da nokre lesarar vil tolke *Blekspruten* dit om at den handlar om overgrep, medan andre ikkje vil gjere ei slik kopling. Dette kjem da an på lesaren sin forventningshorisont, og på grunn av at lesarar har ulike erfaringar vil ikkje *Blekspruten* bli tolka heilt likt av alle. Ein voksenlesar og ein barnelesar vil ha ulik forventningshorisont, men også born – om dei har blitt utsette for overgrep eller ikkje – vil ha ulik forventningshorisont. Ein voksenlesar vil blant anna på grunn av paratekstane, der det står på omslaget at det er ei bok om overgrep, og det på kolofonsida rettast ein takk til incestsenteret, forstå at *Blekspruten* handlar om seksuelle overgrep. Eit born derimot vil ha ein anna forventningshorisont.

Medan ein voksen synes det blir for keisamt og repetitivt å lese den same boka om og om igjen, er det vanleg for unge lesarar at dei gjerne vil lese den same boka igjen og igjen. Barnet opplever denne situasjonen annleis enn den voksne. Som Nikolajeva skriv: "De opplever det faktisk tinte som samma bok, utan går djupare och djupare in i dess betydelser. Vuxna har alltför ofta förlorat förmågan att läsa bilböcker så, eftersom de ignorerar helheten och uppfattar bilderna enbart som dekorationer" (Nikolajeva, 2000, s.

13). Born går inn i boka med nysgjerrigkeit, og har med andre ord eit blikk for detaljar, og ein evne til å oppdage noko nytt i den same teksta. Det vil seie at ved kvar lesing blir forståinga djupare og breiare, og gir ei betre føresetnad for ei fullstendig tolking av heilheita (Nikolajeva, 2004, s. 15).

Umberto Eco brukar skogen som eit bilet på den forteljande teksta, der skogen er full av valmoglegheiter, der stiar førar oss i ulike retningar (Ommundsen, 2010, s. 32). I følgje han er nokre av desse stiane merka, og vi blir leda dit ved hjelp av tekstlege element, medan andre stiar ikkje er merka, noko som fører til at lesaren sjølv må følgje si eiga rute. Eco meiner at i ein forteljande tekst så er lesaren tvungen til å velje heile tida. Ei tekst blir ikkje vakt til live før den blir lest, i følgje Wolfgang Iser (sitert i Eidslott, 2016, s. 26). Det er difor særsviktig å undersøkje korleis teksta blir utfolda gjennom sjølve leseprosessen. Her er *tomme plassar* eit viktig omgrep, og som gjer at resepsjonsestetikken blir særsviktig for å kunne forstå korleis biletbøkene kommuniserer. Iser beskriv lesaren som ein aktiv medskapar av teksta, og at det er lesaren som fyller ut det vi kallar for tomme plassar i teksta (sitert i Ommundsen, 2013, s. 32):

Mellem de "skematiserede billede" opstår der en tom plads, fremkommet ved sammenstødet mellem dem. Sådanne tomme pladser åbner da et spillerum for tekstfortolkningen, for, hvordan man kan sætte de forskellige aspekter, som disse billede repræsenterer, i relation til hinanden" (sitert i Eidslott, 2016, s. 26).

Det er dette spelrommet i fortolkinga som Iser snakkar om som eg ønskjer å framheve i min analyse. For å kunne fylle inn desse tomme plassane må lesaren relatere teksta til sine eigne erfaringar, og til verkelege fenomen i verda (Iser, 1981, sitert i Eidslott, 2016, s. 26). På denne måten blir lesaren ein aktiv medskapar av teksta. Lesaren må heile tida foreta val når han les skjønnlitteratur, og desse vala gjer ein ut i frå sine forventningar og gjettingar. Når ein gjer slike gjettingar vil kjensler som håp, redsel og engasjement oppstå, og det er på denne måten at lesaren alltid er til stades i fortoljinga.

Forventningshorisont og tomme plassar blir viktige omgrep i min analyse av *Blekkspalten*. Eg vil vise korleis *Blekkspalten* opnar opp for ulike fortolkingar, og ulike måtar å fylle dei tomme plassane med eiga erfaring. Eg må difor i analysen rette fokuset mot begge modalitetane og deira samspele, altså lese både verbaltekst og bilet i lag, når eg i analysen skal gi ei nærlesing av eit utval av oppslag frå *Blekkspalten*. Når eg ved fleire anledningar i løpet av analysen refererer til "oppsluget" vil det då seie ei dobbeltside, altså dei to motståande sidene ein ser når ein opnar biletboka.

Det første vi ser når vi opnar eit biletboksoppslag, er biletet. Slik får lesaren visuelle impulsar, og medan han les orda som finns på oppslaget, vil blikket ofte vandre etter dei elementa verbalteksta refererer til (Birkeland & Mjør, 2012, s.74). Ein kan også oppdage at det som blir nemnd i verbalteksta, ikkje finst i biletet, eller at det er element i illustrasjonane, som ikkje blir nemnd med ord. Når lesaren blir klar over dette blir han nøydd til å sjølv konstruere samanhengane, eller fylle inn dei tomme plassane. Når alt er lese, både verbalteksta og bileta, kan ein dvele litt ved oppslaget før ein blar om til neste. Det er ofte her det oppstår samtalar med born under høgtlesing (Birkeland & Mjør, 2012, s. 74). Det er ofte slik at dei som illustrerer bileta brukar ulike strategiar for å styre lesinga. For eksempel så vil ofte det ein vil ha fokus på, blant anna ein

hovudperson, bli sentralisert midt på ei side eller i framgrunnen for andre motiv.² Nikolajeva (2000, s. 13) skriv at både ord og bilet i ei biletbok etterlet tomme plassar som lesaren får i oppgåve å fylle med sine erfaringar og kunnskapar. I biletbøkene finn vi tomme plassar både i bileta og i teksta. Bilete og tekst kan utfylle kvarandre sine tomme plassar, men dei kan også halde dei opne, for at lesaren sjølv skal fylle dei med mening. Dette samspelet mellom dei to modalitetane tilbyr nesten uendeleg med moglegheiter.

Ei tekst kan vere både opa og meir lukka. Eksempel på tekstar som blir rekna som lukka er blant anna didaktiske og ideologiske, og har sterkt styrte lesarrollar. Slike tekstar inviterer ikkje lesaren til å vere medskapande, da dei har særstaka tomme plassar. Ein konsekvens av dette kan vere at barnet ikkje let seg bli fanga av teksta si lesarrolle. Om lesarrolla ikkje opnar for fantasien, vil teksta ofte bli lite engasjerande for barnelesaren. Fantasien er kanskje barnet sin viktigaste kompetanse (Ommundsen, 2010, s. 33). Ofte balanserer tekstane mellom ei tydeleggjort mening og hol som lesaren sjølv aktivt må fylle for å oppleve mening. For at lesaren skal kunne fylle ut desse hola, er det forutsett at han deler ei referanseramme med forfattaren. Eit eksempel kan vere at det er vanskeleg å forstå symbolikkbruken i litteratur frå ein framand kultur (Ommundsen, 2010, s. 33). For at det skal bli mogleg å fylle desse hola forutsetjast det ei forforståing. Denne forforståinga baserer seg på kva ein har opplevd tidlegare i livet, også når det kjem til skjønnlitteratur. Når forfattarar tydeleggjer bodskapen i forteljinga i overkant mykje, kan det vere eit teikn på manglande tillit til lesaren. Forfattaren refererer til bilet som han eller ho trur at lesaren kan forstå utan å få dei forklart, bevisst eller ikkje (Ommundsen, 2010, s. 33). Om lesaren ikkje delar same referanseramme som forfattaren, og referanseholna blir for dominerande, blir det vanskeleg for lesaren å kunne orientere seg i teksta. På denne måten kan lesaren føle seg avvist (Ommundsen, 2010, s. 33).

Det er altså viktig at strukturen er såpass styrande at lesaren får mogleheta til å orientere seg i teksta, samstundes som han er open nok til at lesaren kan få bruke sin eigen fantasi til å fylle tomromma i teksta (Ommundsen, 2010, s. 33). I analysen av *Blekkspalten* vil eg sjå på korleis strukturen kan styre lesaren i ulike retningar, på same tid som han opnar opp for at lesaren kan bruke eigne erfaringar og eigen kunnskap til å skape mening.

² Sjølv om ikonotekst er eit mykje brukta omgrep om biletboka, tek blant anna Ulla Rhedin avstand frå Hallbergs samanlesning av tekst og bilet som Hallbergs ikonotekstbegrep forutsett. Rhedin hevdar i doktoravhandlinga si at ikonotekstbegrepet innebærer ei tekstliggjering av det kunstneriske narrative biletet, på liknande vis som semiotisk inspirerte forskarar betraktar visuelle bilet som tekst.

3 ANALYSE

3.1 Ei analyse av biletboka *Blekkspruten* – viktige metaforar og symbol i fokus

Blekkspruten sin incesttematikk er ikkje eksplisitt, men kjem fram gjennom samspelet mellom bilete og tekst. *Blekkspruten* sin estetikk er langt i frå tilfeldig, da bilete og tekst i lag utspelar både ein tematisk og dramaturgisk heilskap. Illustrasjonane viser lesarane noko som ikkje blir sagt gjennom orda, og vise versa. Det er ikkje nødvendigvis tydeleg for alle lesarar at det er seksuelle overgrep som er tematikken i biletboka, det er noko ein kan tolke ut i frå både bilet og tekst. På nokre av oppslaga er biletet særstak, og blir meir forklart ut i frå tekstu, medan andre plassar er det teksta som krev meir tolking og refleksjon, og må bli sett i lag med biletet. Utan biletet hadde det på mange stader i boka vore vanskeleg å kople forteljinga til seksuelle overgrep. *Blekkspruten* har på den måten fleire "tomme plassar" i forteljinga, da det er mykje som ikkje blir eksplisitt forklart eller skildra. Det er difor mogleg for lesaren å tolke biletboka i fleire ulike retningar, og det er ikkje nødvendigvis eitt fasitsvar på kva alt i boka tyder, det blir opp til kvar og ein lesar.

I *Blekkspruten* skapar metaforar både i tekstu og illustrasjonane ein slags distanse til det forferdelege som skjer. Både i illustrasjonane og i verbaltekstu finn ein fleire metaforar og symbol som går igjen i boka. Det er verdt å sjå nærmare på desse metaforane, da det har mykje å seie for korleis lesaren oppfattar og tolkar det som blir fortalt gjennom ikonoteksta. Eg skal i det følgande rette merksemda mot nokre motiv i *Blekkspruten*, og i analysen viser eg kva for metaforar som er assosiert med dei ulike motiva, og som kan fungere godt som samtalepunkter i ein litterær samtal. Eg skal fokusere på boka sine metaforiske kvalitetar og undersøke ulike sider ved eit gjennomgåande forvandlingsmotiv.

3.1.1 Heimen i *Blekkspruten* – det trygge og det utrygge rom

Heimen er eit sentralt motiv i *Blekkspruten*, og forløpende i boka går heimen gjennom ei forvandling, nemleg frå det trygge til det utrygge. I framstillinga av heimen i biletboka er metaforar og symbol særstak viktige, og er difor ein sentral del av denne analysen. Det tradisjonelle i bøkene for born er at dei følger mønsteret heim – borte – heim igjen, og problema som må løysast skjer altså utanfor heimen. Heimen blir ofte sett på som ein trygg intimsfære, men *Blekkspruten* viser korleis dette ikkje alltid stemmer. Her skjer problemet derimot i heimen, og det kjente og kjære blir utsett på ein anna måte. "Heimen" er difor ein ambivalent storleik i *Blekkspruten*. Dette poenget er viktig for formidlinga av det seksuelle overgrepet.

På det første oppslaget får vi ei tydeleg kjensle av at Gullet har det godt og føler seg trygg i seg sjølv og i heimen. Dette får vi blant anna vite gjennom fargebruken, da også fargebruken i *Blekkspruten* har metaforiske kvalitetar. *Blekkspruten* har generelt lite fargar, dei einaste fargane som blir brukta er gul, svart og ei kald blåton – men dei er likevel særstak viktige for formidlinga. Det kan sjå ut til at allereie frå byrjinga av vil fargane fortelje noko, ved å dele opp oppslaget mellom desse to fargane. På venstre sida, der Gullet sitt, er det gylne og gule ljuset, som gir ei kjensle av tryggleik. Her er det fint å vere, ho har det trygt og godt. På høgre side derimot, der guten ligg, er det

kaldt og blått, som blir ein sterk kontrast til det trygge. Her gir det heller ei kjensle av uro og ei kjølig stemning. Fargane er langt i frå tilfeldig, og har både ei mening og ei verknad frå byrjing til slutt. I verbalteksta får vi vite mykje om jenta i oppslaget, som også underbyggjer det ein tenkjer om det gule ljoset.

Som oftest er Gullet som gull.
For Gullet glitrer
Som ingen andre kan glitre.
Også når hun sitter helt stille
Og leker med dyrene, lyser hun,
For det sier mamma,
Mamma ser henne lyse."
(Dahle og Nyhus, 2016, s. 1)

Teksta her er tydeleg rik på metaforar, og inneholder fleire "lyse" ord som "Gullet", "som gull", "glitrer" og "lyser", som også er med på å formidle ei kjensle av at alt, her og no, er idyllisk og fint. Dette forandrar seg i løpet av biletboka.

På oppslag 4 kjem det tydeleg fram korleis heimen går frå å vere ein trygg stad, til å bli noko ukjent og skummelt. Gullet sitt på golvet på soverommet sitt, saman med leikene sine. Storebroren hennar kjem inn og trekkje for gardinene, i handa si held han den same nøkkelen som på eit tidlegare oppslag stod i låsen på badet. Ein tenkjer difor at han har låst soveromsdøra til Gullet. Nøkkelen kan her vere eit symbol på korleis storebror har makta. Det er noko ved nøkkelen som gjer at han får eit overtak på situasjonen som spelar ut på oppslaget. Låsen i døra er også her særsynleg, og symboliserer at her er det noko som skal vere låst unna dei andre i familien. Her skal ingen kome inn. Også i verbalteksta blir det påpekt at broren låser døra, og at Gullet ikkje skjørnar kvifor. Ho spør også om han er sint, og kvifor han trekkjer for gardinene. Ut i frå det som står skrive, er ikkje Gullet van med denne åtferda, og blir difor usikker. Ho skjørnar ikkje kva som skjer. I verbalteksta blir både hennar usikkerheit og andre kjensler trekt fram:

Da blir det mørkt i rommet,
nesten som november.
Og rommet til Gullet
er ikkje lenger det rommet
hun kjenner så godt,
det er et annet rom, et annet sted, dypt under vann.
(Dahle og Nyhus, 2016, s. 8)

I dette avsnittet er det tydeleg eit forvandlingsmotiv. Synsvinkelen ligg hos Gullet, og verbalteksta gir innblikk i kor forvirrande det som skjer er. Gullet samanliknar rommet sitt med november, sidan det er blitt så mørkt, noko som gir assosiasjonar til kulde og mørke. Ho samanliknar også soverommet sitt med ein stad i botnen av havet. Dette er særsynleg, da sitt eige soverom gjerne er den staden ein kjenner best. Denne plassen føler dei fleste born eigarskap over, og som regel trygt. Born kjenner som regel kvar einaste krik og krok på soverommet sitt, medan eit hav som regel blir forbunde med det som er ukjent og til tider skummelt. At Gullet føler at soverommet endrar seg til å bli ein stad under vatn, viser korleis den kjente og trygge atmosfæren i rommet

forsvinn, og blir erstatta med noko ukjent og utrygt. Ho kjenner seg rett og slett ikkje att på soverommet lenger.

I verbalteksta her er det ord som konnoterer mørket, som er i sterk kontrast med teksta på første oppslag. Her har allereie det lyse forsvunne, og kan indikere at overgrepstet er i gang. Dette kjem og fram i illustrasjonane, da Gullet er på veg til å miste det gule skjæret over seg. Heile ansiktet hennar er no heilt blått. Under sjølve overgrepstet forsvinn det gule ljuset, og etterpå er dei heilt borte. Dette blir også skildra gjennom verbalteksta på oppslag 8: "Nå er ikke Gullet gull lenger, hun merker det selv, at hun slutter å lyse, at hun slukner," (Dahle og Nyhus, 2016, s. 16). At det trygge, gule lyset er forsvunne blir her tolka som at no er det ikkje lenger trygt i heimen. Det utrygge kjem og fram på oppslag 9, der Gullet sitt aleine på golvet. "Blekkspruten er overalt, følger etter, kommer inn, lukker, låser, trekker for" (Dahle & Nyhus, 2016, s. 17). Verbalteksta viser korleis Gullet aldri kan kome seg vekk frå Blekkspruten, og forsterkar opplevinga av at heimen er blitt utrygg.

I *Blekkspruten* skjer dei seksuelle overgrepene i heimen til Gullet, der det eigentleg skal vere trygt og godt. Det paradoksale ved heimen er at heimen sine beskyttande veggar stengjer ute, men det stengjer også inne. Dette kan vere eit symbol på korleis seksuelle overgrep blir stengt inne i heimen, og at dette ikkje kjem utanfor husets fire veggar. Etter det seksuelle overgrepstet har skjedd, seier nemleg ikkje Gullet det til nokon, men blir heller inneslutta og stille. Når seksuelle overgrep skjer i heimen, oppstår det ofte ein sjølvståndtautheit knytt til at ein er i nær relasjon med overgriparen (Leivestad, 2015). Dette er *Blekkspruten* eit godt eksempel på, da overgriparen til Gullet er storebror hennar. Dette kjem fram i oppslag 10:

Men hva er det for noe?

sier mamma.

- Hvorfor er du så stille?

Hun bare sitter der,
glitrar ikke, ler ikke, smiler ikke,
hinker ikke, hopper ikke.
For hun er en grå stein nå,
bare en mørk stein dypt under vann,
en undervannsstein."

(Dahle og Nyhus, 2016, s. 20).

Her har teksta Gullet sin synsvinkel, og viser korleis ho føler seg. Teksta inneheld viktige metaforar som er tydelege kontrastar til det sitatet der det står at ho lyser. Den kallar ho både ein grå og mørk stein, som er djupt under vatn, og det er inga tvil om at Gullet ikkje er sitt glitrande sjølv lenger.

Gullet er i ein vanskeleg situasjon, der ho ikkje veit om ho gjorde nok for at Blekkspruten skulle stoppe, eller om mora kjem til å tru på ho om ho seier det. Til slutt klarar likevel Gullet å bryte tausheita og fortelje det til mor si. På oppslag 11 ser vi igjen det trygge, gule ljuset utanfor vindaugelet, der bilen står. Dette kan ein her også oppfatte som eit frampeik, for på neste oppslag, medan dei køyrer bil, vel Gullet å fortelje mor si om overgrepstet. Dette skjer også innan fire veggar. Slik kan også det gule ljuset bli tolka som er slags løysing, og gir ei trygg og god kjensle om at dette skal gå bra. Etter Gullet

har fortalt mor si om overgrepstet, får ho, litt etter litt, det gule skjæret over seg igjen på dei oppslaga som kjem etter. Dei fire veggane får ikkje stengje det forferdelege inne lenger, og kan illustrere korleis heimen blir ein til ein tryggare stad igjen etter at mor får vite kva som har skjedd. Dette kan blant anna vise born at det blir betre og lettare for dei å fortelje om det som tyngjer ein.

Nøkkelen som broren brukte til å låse døra med, er også knytt til heim-motivet. Sjølv om nøkkelen ikkje blir nemnd i verbalteksta, er han med på nesten alle oppslag, og spelar slik ei stor rolle for det vi oppfattar. Fram til Gullet fortel om overgrepstet, er det broren som alltid har nøkkelen, og går rundt med ei slags makt, og ei påminning om at han kan kome når som helst. På det tredje siste oppslaget derimot, etter Gullet har fortalt om det, er det mora som har nøkkelen. Også på det aller siste oppslaget ser vi nøkkelen, men det er ingen som har eit tydeleg eigarskap over den lenger. Døra inn til soverommet til Gullet står vidopen, som også kan symbolisere at no er heimen trygg, og ingen hemmelegheiter skal være låst inne meir.

Kosedyra som er med på alle oppslaga i løpet av *Blekkspruten* spelar også ei rolle når det kjem til lesarens oppleveling av heimen. Dei forvandlingane som skjer med kosedyra kan knytast til dei forvandlingane som skjer i heimen. Sjølv om ein kanskje ikkje tenkjer så mykje over kosedyra, så har dei ein funksjon, og kan vere med på å hjelpe lesaren til å forstå teksta og stemninga. Detaljane ved desse kosedyra blir ikkje kommentert i verbalteksta, og er difor opne for at lesaren skal tolke og reflektere over det visuelle som blir presentert. Skulle alle detaljane i *Blekkspruten* blitt beskrive ved bruk av det verbale ville det bli behov for særsmale mange ord, men ved å bruke illustrasjonar blir lesaren introdusert for alle desse detaljane raskt.

Nikolajeva skriv at den verbale forteljaren tvingar oss til å "sjå" visse detaljar i miljøet, men utelet noko, medan den visuelle miljøskildringa har moglegheit til å tillate stor fridom i både tolking og forståing (Nikolajeva, 2000, s. 119). Det er lesaren det kjem an på kor mykje han eller ho legg merke til i biletbokas miljø, og om dei tillegg det ei slags betydning. Biletbøker, med sitt avgrensa omfang bruker heller ikkje å innehalde lange verbale miljøskildringar, og sett heller sin lit på det visuelle, da den visuelle miljøskildringa har uavgrensa moglegheiter. Om ein blant anna ser på det første oppslaget i biletboka, er det mange kosedyr og andre leiker, og det er fullt av detaljar. Nokre av detaljane kan også gje frampeik om kva som kjem til å skje på dei seinare oppslaga, men det er opptil lesaren å gje desse illustrasjonane mening. Her er det store rom for tolking og reflektering over kva som skjer på bileta, samt kva for skjult bodskap det er som ligg bak dei ulike illustrasjonane. På venstre side av oppslag 1 ser ein for eksempel det som kan vere soverommet til Gullet. Det er mange leiker og kosedyr der, og ved første augekast kan kanskje alt sjå uskuldig ut. Om ein derimot studerer illustrasjonane litt meir nøyne, kan ein sjå at fleire av leikene og kosedyra har fått påteikna kjønnsorgan. Slike detaljar kan blant anna vere med på å forberede lesaren på at her skal det skje noko. Sjølv om denne sida av oppslaget er prega av leik og det varme ljuset, er det likevel desse detaljane som gir små hint om at det snart skal skje noko uhyggeleg. Opp i venstre hjørnet står det ei seng, og oppi den senga ligg det tre leiker, som ser ut til å vere ein apekatt, ei jente og ein blekksprut. Dei ligg foreløpig pent ved sida av kvarandre, men bak senga truar ein svart skugge. I verbalteksta blir ikkje noko av dette nemnd, da den berre tek opp korleis Gullet er gull og at ho glitrar. Desse detaljane viser korleis verbalteksta kommuniserer noko anna enn illustrasjonane, og

skapar på denne måten ein ambivalens i ikonoteksta. Dette viser kor viktig det er å sjå både bilet og tekst i lag, og at ein er nøydd til å sjå desse modalitetane i lag for å kunne skape mening i biletboka. Ein kan ikkje velje å ignorere biletta, og berre lese tekst, da ein vil gå glipp av mykje viktig informasjon som ein berre får gjennom blyantstrekane.

På oppslag 4 er det interessant å sjå og studere korleis kosedyra er oppstilt og kva dei gjer. Det er tydeleg at dei har endra seg frå det første oppslaget. Nokre av dyra er vendt mot storebroren, slik som Gullet er. Ein leikegris ligg på ryggen og latar som han er død. Nokre av leikene er plutseleg under kassen, og ser ut gjennom holet. Kan det vere at dei har gøymt seg? Situasjonen ser stressande ut, og det kan virke som at kosedyra merkar at det er fare på gong. Dette er gjerne tolkingar og meininger ein hentar ut etter å ha lest tekstopslag og bilet i lag. Ein kan også studere korleis kosedyra ser ut under overgrepsteksta, på oppslag 7, der dei også ser prega ut. Ein frosk ser lei seg ut, ei katt har kryss somauge, flodhesten brøler og kaninen ligg på ryggen og spelar daud. Det som utspeler seg blant desse leikene kan vere med på å illustrere sinnsstemninga til Gullet, og fryktilstanden hennar, og viser korleis heimen no ikkje er trygg.

Ein ser at kosedyra endrar seg i takt med korleis Gullet endrar seg i løpet av forteljinga, dette blir vist gjennom korleis dei er oppstilt. Seinare i løpet av biletboka (oppslag 9) verkar det som at kosedyra er redde, da dei gøymer seg bak Gullet som sitt samankrøkt på golvet. På dette oppslaget blir også Gullet gjennom verbalteksta beskrive som uroleg for kva som kan skje neste, og på denne måten reflekterer dei kjenslene hennar. Også på eit av dei siste oppslaga er kosedyra med på å vise korleis Gullet har det inni seg, samt illustrerer korleis det skal bli framover.

Kosedyra er også med på å forsterke kjensla av at heimen forvandlar seg til ein trygg stad igjen, ved slutten av biletboka. På oppslag 16 sitt storebroren i ein stol med høge armlene rundt han, noko som kan minne om eit gitter. Bak han er det ein okse som også ser ut til å vere innelåst bak eit gitter, den same oksen som på tidlegare oppslag hadde tydeleg kjønnsorgan. Dette er med på å danne eit bilet av at det som tidlegare har vore seksuelt prega, er strengt forbode no. Fleire kosedyr er oppstilte i vindauget i lag med Gullet og mor hennar, og kan vise til at det no er trygt, og det ikkje er behov for å gøyme seg meir. Vi ser også ei krokodille, ein elefant og eit nashorn som står vendt mot storebroren, på eit slags beskyttande måte ovanfor Gullet. Ut i frå det som har blitt sett på her kan ein seie at mykje peikar på at kosedyret sin funksjon i teksta er å vere med på å formidle kjenslene til Gullet, samt gi frampeik kva som kjem til å skje, og vise det som faktisk skjer.

3.1.2 Analyse av dyreformane/samanlikningane

Forvandlingsmotivet er også å sjå i dei ulike karakterane i *Blekkspruten*. Mange av karakterane blir framstilte som dyr, anten gjennom samanlikningar eller metaforar, både i bilet og i tekst. Dyremotivet har viktige funksjonar i biletboka, og er med på å underbyggje dei ulike forvandlingane som skjer i løpet av teksta. At dyr får menneskelege eigenskapar er vanleg for barnelitteraturen, men i *Blekkspruten* er det derimot det motsette som skjer, nemleg at menneska får eigenskapar til dyr. Dette påverkar formidlinga av dei ulike situasjonane, samt er med på å forme lesaropplevinga, og er særskilt interessant å sjå litt nærmare på. Overgriparen i biletboka blir til ein

blekksprut, og kan i dette tilfellet gjere at lesarane ikkje blir skremt, da det ikkje er målet med teksta. Hadde *Blekkspruten* bruka heilt konkrete og realistiske skildringar i både illustrasjonane og verbalteksta, kunne sjølve forteljinga ha blitt alt for brutal. Som Nikolajeva og Scott (2006, s. 92) skriv kan det å representere karakterane som dyr kan vere eit grep for å skape distanse i barnelitteraturen. Om seksuelle overgrep og vald blir framstilt på ein heilt realistisk måte, kan det oppfattast som skremmande for borna. Dette vil da ikkje vere hensiktsmessig, da bøker om vanskelege tema skal oppfordre born til å snakke om det som eventuelt har hendt dei. Nikolajeva og Scott skriv at dyrekarakterar er eit vanleg grep i barnelitteraturen, og er ein betydeleg karakteristikk for denne sjangeren (2006, s. 92). Ved at dei seksuelle handlingane blir beskrive gjennom blekksprut-metaforen, blir det mogleg for lesaren å lese om eit så sårbart tema, utan å miste motet heilt.

I *Blekkspruten* er alle karakterane opphavleg menneske, og blir illustrert slik i byrjinga, men i løpet av forteljinga blir fleire av karakterane samanlikna med eller forvandla til dyr, noko som også kan hjelpe lesaren til å forstå dei personlege eigenskapane til karakterane. Broren, som først kallas Apen, forvandlast til ein Blekksprut i løpet av biletboka. I verbalteksta står det "Pappa er struts!" (Dahle og Nyhus, 2016, s. 3), og ein kan tolke denne metaforen som at faren har eigenskapar som kan minne om dette dyret. Det er kjent at strutsen stikk hovudet i bakken for å ikkje bli sett, og det same kan ein seie om far i denne teksta. Ut i frå informasjonen ein får frå illustrasjonane, står far med blikket ned i telefonen, eller festa på TV-skjermen. Det kan bli tolka som at han prøvar å unngå det som skjer rundt han, eller har lite fokus på omgjevnadane. Lesaren får inntrykk av at han er meir interessert i det som skjer i skjermen, enn det rundt seg. Gullet er ikkje heilt sikker på kva for dyr mor hennar er under dei første oppslaga, noko som kan tolkast som at mora er ei litt utrygg og bekymra mor, men blir til slutt samanlikna med ei ørn. Biletboka har den unike moglegheita til å formidle og skildre personane, utan å bruke for mange ord. Ved å bruke dyr som lesaren gjerne har kjennskap til frå før, kan ein få ei slags forståing for korleis personlegdomen til dei ulike karakterane er.

Forvandlingsmotivet kjem att fleire gonger i løpet av teksta, da dei fleste karakterane går gjennom ei slags forvandling, og det er tydeleg ein viktig detalj for forteljinga. Vi har Apen, som er storebror til Gullet. Han er morosam og tullar fælt, og Gullet likar han særskilt godt. Men det er likevel mykje ved illustrasjonane som peiker på at broren ikkje berre er artig. På høgre sida av det første oppslaget, der guten ligg på sofaen, er det mange detaljar som kan symbolisere det som skal kome seinare i handlinga. Det er mykje rot i rundt han, samt fleire ting som kan symbolisere det mannlege kjønnsorgan. Beltet hans heng og sleng mellom beina på han, samstundes som at det ligg ein banan ved beina hans. Genseran er trekt opp slik at navlen er synleg. Sjølv om desse detaljane ikkje blir nemnd i verbalteksta, er dei likevel viktige, og fungerer som frampeik for kva som skal skje seinare. Ved sida av sofaen står det ein do-rull, og vi ser at døra inn til toalettet er open. Miljøet sin funksjon i biletboka kan også vere å skildre, eller å forsterke eigenskapane til personane i ei forteljing. Illustrasjonane er særskilt viktige for personskildringa, da dei kan representere og skildre personlegdomen, utan å bruke mange ord (Birkeland & Mjør, 2012, s. 76). For eksempel kan personane sine rom, om dei er ryddige eller rotete, reflektere personane sine eigenskapar. Om ein ser på oppslaget i ljós av dette kan det bli trekt ei forbindung mellom guten og toalettet. Ein kan kanskje få kjensla av at det er noko kroppsleg skitent ved denne guten, og at måten han

ligg i sofaen på er ekkel. Rotet og den framtredande kroppslegheita gir han eit slags dyrisk framstilling, og kan knytast til det at han blir kalla Apen. Nedst ved sofaen sitt det også ein ape, ein frosk, og ein figur som kan sjå ut som ein blekksprut, som også gir frampeik på dei ulike forvandlingane storebroren skal gå gjennom i løpet av biletboka.

På oppslag fire kjem det eit nytt dyr inn på soverommet til Gullet, og er eit konkret eksempel på forvandlinga til broren. Det er her overgrepstil startar. Gullet er lita, blir vist som svak og har inga moglegheit til å gjere noko. Slik er det også når det kjem til seksuelle overgrep. Barn blir lamma, veit ikkje kva som skjer, og veit ikkje korleis dei skal seie i frå om at dei ikkje vil. Det er også fleire faktorar i det visuelle formspråket som kan symbolisere makt på dette oppslaget. Storebroren tek opp stor plass på oppslaget, er mykje større enn Gullet, og er tydeleg den som har kontroll på situasjonen. Armane hans er lange, og strekkjer seg utover rommet. Fötene har også fått ei anna form enn kva dei bruker å ha, det er tydeleg at her er det noko som skjer med Apen. Han er i gang med å forandre seg til Blekkspruten. Auga hans er smale, og han strekkjer lang hals mot Gullet, og slik blir ansiktet hans nærmere ansiktet hennar. Gullet har ikkje lenger noko smilande uttrykk, men ser heller skeptisk og skremt ut med sine store øye. Ho følgjer med på kva storebror gjer.

På oppslag fem har storebroren fått lange tentaklar som bein, og gjennom verbalteksta får vi vite at no er han Blekkspruten. Vidare, på det sjuande oppslaget, har Apen totalforvandla seg til Blekkspruten, og det er ikkje noko ved han lenger som liknar eit menneske. Når Blekksprutskikkelsen tek form, tyder det at overgrepa er i gang. Han forvandler seg til noko ugjenkjennbart, han forandrar seg heilt frå Apen. Gullet kjenner ikkje att bror sin når han utfører dei seksuelle overgrepene på ho. Han får lange, ekle armar som finn fram over alt, og som er umogleg å få bort frå seg.

Ein kan her bruke Bakhtins omgrep, og seie at dette er ein karnevalisert realitet, da fleire av dei ulike karakterane i biletboka har innteke dyreformar, i staden for å skildre verkelegheita nøyaktig slik ho er (Nikolajeva, 2015, s. 98). På denne måten kan blekksprutmetaforen vere med på å skape distanse frå det vonde som skjer, noko som kan vere viktig i ei slik bok for born. Blekkspruten har blitt større og større, og dekkjer her nesten heile oppslaget, medan Gullet er lita og ter seg som hjelpelaus. Desse plasseringane til karakterane i teksta er også viktige å sjå litt nærmare på. På bakgrunn av korleis noko er plassert i den multimodale teksta, vil lesaren gi bestemte element informasjonsverdi. Her ser ein korleis biletutsnittet forsterkar kjenslene til Gullet og korleis ho føler seg. Når noko blir forstørra i bileta, slik som Blekkspruten blir her, viser han seg som viktig og får mykje fokus frå lesarane. Gjennom dette forholdet mellom den store Blekkspruten og Gullet som er lita, får lesaren vite kven som har makta og kven som er underlegen. Blekkspruten spruter ut svart blekk, som også blir ein viktig detalj, både i bileta og i teksta.

For blekkspruter spruter ut blekkt sitt,
dusjer det ut, gjør der vanskelig å se,
vanskelig å oppdage, umulig å flykte fra,
for det har hun sett på tv,
hvordan blekkspruter fanger hva som helst
og hvem som helst.”
(Dahle og Nyhus, 2016, s. 14).

Her viser teksta Blekkspruten og situasjonen igjen ut i frå Gullet sin synsvinkel. Teksta er uhyggeleg, og gir illustrasjonane eit enno meir utriveleg preg. Dette kan og tolkast på fleire måtar, basert på kva ein sjølv har opplevd og kva for forventningshorisont ein har, men for den vaksne er det tydeleg at det er eit seksuelt overgrep som skjer her.

Oppslaget er eit eksempel på korleis *Blekkspruten* kan bli omtala som all-alder-litteratur³. Det viktigaste kjenneteiknet på all-alder-litteratur er at han har innskrivne lesarposisjonar til vaksne og born i tekstane (Ommundsen, 2010, s. 66-67). Born og vaksne drar ulike opplevingar ut ifrå boka, da illustrasjonane og verbalteksta både er avansert og kompleks. Sjølv om det ikkje blir direkte forklart eller vist gjennom illustrasjonane, er Blekkspruten ein passande metafor for å vise at det er eit seksuelt overgrep som skjer, og korleis det opplevast for Gullet. Blekkspruten og blekket fungerer her som ein tom plass, og det blir opp til lesaren å fylle dette med sine tolkingar og forståingar. For meg og mi tolking blir den seksuelle ladinga her på det mest tydelege, i alle fall for den vaksne lesaren. I lag med verbalteksta blir blekksprut-metaforen enno tydelegare. Det som står i teksta om at det er vanskeleg å sjå, og gjer det umogleg å flykte, er nok noko dei fleste overgreputsette kan kjenne seg att i. Ved å bruke blekket som metafor for å forklare korleis barnet blir fanga, kan vere ein måte å vise korleis barnet er uskuldig i det som har skjedd, og kor håplaust det er å kome seg unna noko slik. Blekket til ein blekksprut har fleire funksjonar, det lammar byttet sitt, på same måte som Gullet blir lamma. Det blir umogleg for ho å flykte frå Blekkspruten. Blekket kan og symbolisere utløysinga. Det som blir fortalt på oppslaget er både smertefullt og uforståeleg, samstundes som at metaforen gjer det tåleleg å lese om det som skjer.

På oppslag 9, etter overgrepet, ligg guten nok ein gong på sofaen. No er det fleire element som gjer at han ser enno meir skitten og ekkel ut enn før. Det er mykje rot og gammal mat rundt han. Han ser uflidd ut i kleda, med berre ein sko på, og med genseren trekt opp. Beltet heng fortsett nedover på ein måte som minner om kjønnsorgan.

Også fleire element her kan minne om og symbolisere overgrepet. Blant anna strekkjer han seg etter eit bananskål, som også har vore med på tidlegare oppslag. Ein kan også legge merke til at det er mykje mat i rundt han, fat med matrestar på, epleskrottar og drikke. Maten si rolle i barnelitteraturen er særslig interessant. På same rolle som at vaksenlitteraturen er besett av sex, er barnelitteraturen besett av mat (Nikolajeva, 2017, s. 92). Sidan seksuelt begjær blir tona ned i barnelitteraturen, blir da maten det sterkeste begjæret som ein kan anvende som erstatning. Ikkje mange små born kan kjenne att eit seksuelt begjær, men dei fleste kjenner att kjensle av å vere svolt og det å ete godt (Nikolajeva, 2017, s. 94). Ein kan difor tolke all den maten som er rundt guten som symbol på det seksuelle begjæret hans, og overgrepet han har utført på Gullet. At bananen og bananskalet er med på fleire oppslag styrkar også denne tolkinga. Guten er svolt, og dette kan ein overføre til det seksuelle overgrepet han utfører. Maten er ikkje sentral i forteljinga, men den er der på mange oppslag, og kan likevel ha ei viktig verknad på oppfatninga til lesaren. At maten er framstilt som rot kan også vere teikn på at det han gjer og har gjort mot Gullet, ikkje er greitt.

³ Begrepet all-alder-litteratur vart først introdusert av Jon Fosse i 1997 (Haugen, 2020).

Mora går også gjennom ei forvandling etter at Gullet har fortalt ho om overgrepet. Tidlegare (oppslag 2) var ikkje Gullet sikker på kva slags dyr mora var, noko som kunne peike på at mora var usikker i rolla si. Men etter ho fekk vite om overgrepet, tenkjer Gullet at mamma er ei ørn, som kan vere ei passande beskriving på korleis mora reagerer og handlar etter ho har fått vite om overgrepet.

Mamma er en ørn nå,
som er skarp og hard i nebbet,
sterk og stor i vingene.
For mamma er sint på Blekkspruten!
Ordentlig, ordentlig sint.
(Dahle og Nyhus, 2016, s. 27).

Her er metaforen ørn viktig for skildringa av mora, og korleis Gullet no ser ho. Ein kan også sjå i illustrasjonane at uttrykket og haldninga til mora har endra seg til noko hardt, og at ho er i full fart på veg mot storebroren. No har mora gått frå å vere nesten litt anonym og i bakgrunnen, til å bli sterke og modig, og som gjer alt ho kan for dotter si. Her skjer det altså ei utvikling i relasjonen mellom Gullet og mora, samt ei personleg, indre endring ved mora, som blir skildra gjennom både illustrasjonane og gjennom den skrivne teksta.

På det siste oppslaget ser det ut til at heile familien har gått gjennom ei endring. "Og Blekkspruten er bare en frosk som ikke kan gjøre Gullet noe lenger" (Dahle og Nyhus, 2016, s. 35). Når ein les dette ilag med illustrasjonen ser vi at han sitt i ein froskeliknande positur i sofaen, og det fornøgde gliset er borte. Denne forvandlinga frå å vere ein stor og skummel blekksprut, til å bli ein frosk, viser leseren at han ikkje lenger har noko makt over Gullet. Ein kan også leggje merke til forskjellane mellom dette oppslaget, og det første oppslaget. På nokre måtar kan ein seie at heile familien har gått gjennom ei forvandling, da også faren for ein gong skuld ser opp frå telefonen sin, held rundt sonen sin til tross for det han har gjort, og ser oppmerksam ut. Han har tatt hovudet opp av jorda. Mora held ei hand på hovudet til Gullet, og den andre handa har eit godt tak rundt arma til faren, og i fanget til faren sit guten. Dette oppslaget opnar for vidare tolking, men gir ei kjensle av at alt kjem til å gå bra.

3.1.3 Gullet og overgrepet

Eg skal i det følgjande skifte fokus og fokusere på sjølve overgrepsskildringa i *Blekkspruten*. På oppslag 7 er det viktig å sjå nærmare på illustrasjonane, og kva som kan ligge "gøynt" her, da det er illustrasjonane i dette oppslaget som viser meir eksplisitt at det er eit overgrep som skjer, sjølv om verbalteksta også til ein viss grad kommuniserer dette. Blant anna ligg hovudet til blekkspruten på ei seng. Senga har også på tidlegare oppslag vore sentral, og er tydeleg viktig for handlinga. Det ein ser her gjer at ein trekkjer konklusjonar om at det er eit overgrep som skjer. Gullet har ikkje klede på seg, og underbuksa hennar er det blekkspruten som held i ein av armane sine. Beltet som broren tidlegare hadde på seg ligg no slengt frå seg på golvet, og kan også tolkas som at blekkspruten ikkje har klede på seg heller. Gullet er fastlåst i dei lange blekksprutarmene. Ho held armane sine opp mot sitt eige bryst, som ein slags måte å beskytte og skjerme seg sjølv på. Ho er no heilt blå no, tydeleg påverka av det kalde som blekkspruten har tatt med seg.

Før overgrepet er Gullet gull, men på dei oppslaga der Blekkspruten forgrin seg på Gullet, blir både ho og omgjevnadane blå. Fleire stader i biletboka har fargane ein viktig funksjon, og mykje av det vi ser indikerer at det gule ljoset er trygt og godt, medan det blå ljoset har med seg fare, og blir i løpet av biletboka forbundet med det seksuelle overgrepet som skjer. På oppslaga der overgrepet skjer er nesten alt er blått. Det gule som alltid har vore over gullet på oppslaga før, forsvinn av alt det blå og kalde som Blekkspruten har med seg. Det kalde blå dekker alt det gule ljoset som var over og rundt Gullet. Ansiktet hennar og omgjevnadane har blitt blått. Den kalde blå farga som har teke over symboliserer som nemnd at overgrepet er i gang, og at det varme og trygge er i ferd med å forsvinne heilt. Tekst, bilete og fargebruk spelar i lag, og forsterkar sjølve stemninga og kjenslene som er i gang.

I det åttande oppslaget forsterkar det visuelle mistanken om seksuelt overgrep. Her ser vi at Blekkspruten endeleg er på veg ut av rommet, med nøkkelen i den eine arma. Gullet sitt att på golvet, utan klede. Kleda hennar ligg ved senga. Ho sitt samankrøkt på golvet, og har armane beskyttande rundt den vesle kroppen sin. Over henne er det ein stor og trugande blekk-flekk. Dette blekket kjem til å fylle kvardagen til Gullet på mange måtar. Gullet ser heilt forlatt og kald ut, og som lesar får ein ordentleg vondt av å sjå desse illustrasjonane. Gjennom verbalteksta får lesaren vite akkurat korleis Gullet har det, og som gjer det visuelle enno sterkare:

Blekket fyller munnen og halsen, er inne i hodet,
inne i, utenfor, over, under, overalt.
(Dahle og Nyhus, 2016, s. 16)

Blekket har, som illustrasjonane også gjer uttrykk for, stor betyding for å skildre kjenslene til Gullet. Det står at blekket fyller både munnen og halsen, og gjer at ho ikkje får puste. Blekket er overalt, og ho kjenner det langt inn i kroppen. Langt inn i ryggen og magen. Dette er både vondt og hardt å lese, og ein får nesten ein klump i magen av det som står skrive. Også her er blekksprutmetaforen viktig, både for formidlinga sin del, men også for korleis lesaren skal tåle å lese om noko slik. Blekket kan bli tolka på fleire måtar, slik som ved førre oppslag. Det kan blant anna bli tolka som noko fysisk, psykisk – eller begge deler. Uansett er det ein passande metafor for overgrepet som skjer.

På dette oppslaget har Gullet blitt heilt blå. Fargane på oppslaget representerer kjenslene til Gullet, og viser kor øydelagt ho er inni seg no. Dette kjem og fram i verbalteksta.

Nå er ikke Gullet gull lenger,
hun merker det selv,
at hun slutter å lyse, at hun slukner,
kjenner hvordan hun synker ned dit
hvor bare en stein kan synke.
(Dahle og Nyhus, 2016, s. 14)

Forvandlingsmotivet står sterkt i verbalteksta her, og viser ei klar endring hos Gullet, frå korleis ho både var og følte seg før overgrepet, der ho vart skildra som lysande og glitrande, og korleis ho føler seg no. Teksta bekreftar det inntrykket ein får frå det visuelle, nemleg at no er ho ikkje gull lenger. Tekst og bilete utfyller kvarandre, og gjer

det mogleg for lesaren å sette seg inn i kjenslene til Gullet. Det er også ubehagelege rosa flekker på høgre side av oppslaget, rundt senga, der overgrepstakene har skjedd. Fram til no har det berre vore blått og gult på oppslaga, og desse rosa flekkane får nok den vaksne lesaren til å grøsse, da dei kan minne om blod.

Gullet gjennomgår viktige forandringar i løpet av biletboka. Ho går frå å vere ei jente utan bekymringar, ho har det så trygt og godt at ho føler seg rett og slett som gull. Men med ein gong overgrepstakene startar, endrar Gullet seg. Etter overgrepstakene blir ho forvandla til noko anna enn gull, og mykje på dei følgjande oppslaga peiker mot at ho er blitt både inneslutta og deprimert. På oppslag nr 9 sitt Gullet på golvet, i ein fastlåst posisjon. Ho knuger rundt kosedyret, ikkje for å leike, men kanskje for å halde fast i noko. Eller for å søkje trøst?

Det bråker i hodet.
Bråker i kroppen selv om hun sitter helt stille.
Durer, dunker, surret.
(Dahle og Nyhus, 2016, s. 15)

I lag med illustrasjonane og det som blir beskrive her, er det tydeleg at Gullet ikkje har det godt, og at ho prøver å sitte så roleg som mogleg for å ikkje kjenne noko. Vi ser også hårtustar som ligg rundt omkring på golvet, samt ei svær saks. Håret til Gullet ser også kortare ut, så det ser ut til at ho har klipytt seg sjølv. Dette kan vere noko ho har gjort i etterkant av overgrepstakene. Kanskje var det ein måte å ta kontroll på? Eller ein måte å sleppe ut kjenslene sine? Kanskje er det noko ho gjorde fordi ho er sint og lei seg? Dette blir verken nemnd eller ytterlegare forklart i verbalteksta, så her er det rom for tolking. Bak Gullet kan det sjå ut som at skapet har blekksprutarmar, og gir difor assosisjonar til Blekkspruten, og at han gøymer seg bak kvar ein krok. Dette blir også vist i verbalteksta.

Kan ikke si noe, må ikke, klarer ikke.
Blekksprutens øyne er så store.
Blekkspruten hører gjennom veggene,
gjennom gulv og tak.
Blekkspruten er overalt,
følger etter, kommer inn,
lukker, låser, trekker for.
(Dahle og Nyhus, 2016, s. 15)

Etter overgrepstakene har skjedd føler Gullet seg utrygg, og at Blekkspruten kan vere overalt. Ho føler han er der, sjølv når han ikkje er det, og er redd for å lage ein lyd, slik at han skal kome inn igjen. Ho sitt rett og slett på rommet sitt og gøymer seg. Også på oppslaget etter (10) ser vi store endringar frå Gullet før overgrepstakene, og Gullet etter. Jenta som kunne sitte og leike seg aleine, er ikkje eingong i stand til å teikne.

Hun bare sitter der,
glitre rikke, ler ikke, smiler ikke,
hinke rikke, hopper ikke.
For hun er en grå stein nå, bare en mørk stein dypt under vann,
en undervannsstein.
(Dahle og Nyhus, 2016, s. 18)

Både illustrasjonane og verbalteksta i dette oppslaget bruker metaforar for å uttrykke forvandlingane som Gullet gjennomgår. I verbalteksta står det at Gullet er ein Stein under vatn, medan illustrasjonane viser det med å skifte frå varme til kalde fargar. Slike beskrivingar i verbalteksta gjer illustrasjonane enno meir tydelege, og forsterkar den oppfatninga om at Gullet er trist og lei seg. Desse beskrivingane er store kontrastar til korleis Gullet hadde det med seg sjølv før ho vart utsatt for det seksuelle overgrepet. På oppslag 11 sitt Gullet att med låste tankar om at det er hennar si skuld at det som skjedde, skjedde, og bebreider seg sjølv for at ho ikkje klarte å seie ordentleg nei: "Kanskje det er hennes egen skyld?" tenkjer Gullet (Dahle og Nyhus, 2016, s 20).

Forvandlingsmotivet i *Blekkspruten* er ikkje uvanleg for litteraturen, og har blitt gjort i også andre verk. Dei forvandlingane karakterane i denne biletboka gjennomgår kan samanliknas med Franz Kafkas novelle *Forvandlingen* (1915). Gullet er sint og bebreider seg sjølv for det som har skjedd. Ho kjenner seg ikkje att, og ho føler seg berre som ein "liten lort". Gullet gjennomgår ei framandgjering av seg sjølv, noko ein også ser i hovudkarakteren i *Forvandlingen*, Gregor Samsa. Han er også eit eksempel frå litteraturen der mennesket blir framandgjort frå sin eigen natur, og sine kjente former. Slik som Gullet, blir også Gregor forvandla. Han forvandler seg frå sin eigen menneskelege kropp, til eit insekt. Denne forvandlinga kan blant anna vise til den avskyen han føler for seg sjølv, når han ikkje kan innfri det som blir forventa av han (Tuft, 2019). Dette kan ein overføre til Gullets situasjon, og den avskyen ho føler for seg sjølv etter det seksuelle overgrepet.

Men ho gjennomgår også ei siste forandring i løpet av forteljinga, nemleg frå å vere offeret, til å kunne bryte ut og seie frå om det som har skjedd, og som skal vere det som gjer at Gullet blir gull igjen. På oppslag 12 er ho og mor hennar på biltur, og det er innanfor desse trygge veggane ho fortel om det Blekkspruten har gjort mot ho. Også på det siste oppslaget i biletboka finn vi forvandlingsmotivet. I kontrast til korleis ho satt apatisk framanfor teiknearket sitt på tidlegare oppslag, lenar Gullet seg no fram over arket og teiknar i veg på ein ivrig måte, og med eit smil om munnen. Dette er den siste forvandlinga Gullet gjennomgår i løpet av forteljinga. Ho har fått tilbake gullfargen over seg, noko som også blir teke fram i teksta:

-Gullet mitt, sier hun.
-Gullskatten vår, sier pappa.
For det er hun jo.
Hun kjenner at hun begynner å glitre igjen,
det kiler helt ytterst ute i fingertuppene.
For hun er Gullet.
(Dahle og Nyhus, 2016, s. 33)

Etter ho fortalte mor si om det Blekkspruten gjorde mot ho, har ho klart å komme seg ut av det mørke og utrygge, til å bli Gullet igjen.

3.1.4 Oppsummering av analysen

Overgrepene blir ikkje skildra direkte i *Blekspruten*, men det blir brukta fleire utlike metaforar, slik som ein ser frå utdrag frå biletboka over. Ved å bruke slike metaforar i teksta, blir ikkje teksta begrensa på same måte som den kunne blitt om den hadde snakka om seksuelle overgrep i sin openheit. Da kunne boka fort blitt meir lukka, og kunne også blitt enno meir ubehageleg å lese. Dette gjeld og for illustrasjonane. Ved å bruke slike metaforar for å formidle kjensler og situasjonar kan også fleire trekkje ut ei mening ut i frå det som blir vist i ikonoteksta. Oppslaga har mange detaljar og symbol som både kan vere forståelege og uforståelege for lesarane, og det ligg store rom for tolking i både illustrasjonane og i verbalteksta. Det er mykje i *Blekspruten* som ikkje blir forklart, både i det visuelle og i orda. Det oppstår tomme plassar i biletboka, og sidan alt ikkje blir fortalt, er lesaren nøydd til å vere ein aktiv medskapar av teksta.

Når ein les *Blekspruten* får ein spillerom til å fortolke ut i frå sine eigne erfaringar. Lesaren blir nøydd til å sjå dei ulike modalitetane samspel i lag, da både teksta og bileta er opne for tolking. I illustrasjonane er det mykje skuggar og tusj-liknande streker. Det er ikkje nødvendigvis vanskelege illustrasjonar, som berre vaksne kan hente mening ut frå, men heller enkelt nok for at dei fleste kan finne ein slags forståing for kva som blir fortalt, til tross for at noko kan opplevas som uforståeleg. Kvar og ein bit blir ikkje forklart, så her er det opp til lesaren å tolke og finne mening. Funksjonen til desse metaforane og symbola vi ser i oppslaget er ikkje at ein skal kunne forstå alt, men dei gir heller moglegheit for å kunne bruke sin eigen fantasi og dikte vidare på forteljinga sjølv. I Bleksprutmetaforen som vi ser her kan overgrepssatte born kjenne att det som skjer og identifisere seg med situasjonen, medan andre kanskje vil trekkje ei heilt anna mening ut i frå illustrasjonane og verbalteksta. Dette kjem som nemnd tidlegare an på forventningshorisonten til barnet.

4 Drøfting

Som oftast når eller om det blir snakka om seksuelle overgrep i klasserommet, så er det anten i forbindning med seksualundervisning ved dei høgare trinna, eller kanskje ved bruk av ein infofilm eller eit infoskriv. Dei manglar det same språket som vi vaksne har, og har ikkje forståing for kva som eigentleg har skjedd. Beate Goldschmidt Gjerløws studie viser at lærarar i Norske skular ikkje adresserer dette temaet tilstrekkeleg nok, noko som indikerer at det er eit kulturelt tabu å snakke om for å kunne forhindre slike overgrep i norske klasserom (Goldschmidt-Gjerløw, 2019). Også bekymringa for at elevane skal bli vidare traumatisert og stigmatisert, hindrar nokre lærarar i å snakke om dette temaet. Norsk folkehelseinstitutt skriv at den skulebaserte undervisinga om seksuelle overgrep varierer i form og innhald, og at det gjerne blir brukta pedagogiske hjelpemiddel som drama, teikneseriar, dukketeater, film og rollespel, men det blir ikkje underbygd med kjelder som kan vise til den norske skulens undervisningspraksis om temaet (FHI, 2015).

Det er ikkje alltid born kjenner seg att i det som blir fortalt i ein infofilm eller på ein plakat. Dei veit nødvendigvis ikkje at det er deira situasjon som blir beskrive for dei heller. Goldschmidt-Gjerløw meiner at i norskundervisninga kan læraren ta i bruk skjønnlitterære tekstar for å ta opp temaet seksuelle overgrep (Goldschmidt-Gjerløw, 2019), og slik kan biletboka vere eit nyttig verktøy for læraren når ein skal undervise og belyse elevane om dette tabubelagte temaet. I *Blekkspruten* får vi tilgang til tankane og kjenslene til Gullet, og vi får difor perspektivet frå barnet, og det blir ikkje skildra utanfrå. Tilgangen til Gullets kjensler skyldas den interne synsvinkelen. Situasjonen blir forklart på ein måte som born kan forstå, samt kjenne seg att i. Gjennom samspelet mellom tekst og bilet, samt den sterke metaforbruken, har *Blekkspruten* ubegrensa moglegheiter.

I det følgjande kapitellet ønskjer eg å sjå dei funna eg har gjort i analysedelen, i ljos av teori om litterære samtalar. Dette vil hjelpe meg med å drøfte og svare på problemstillinga mi. Som påpeikt tidlegare, så har eg ikkje gjennomført litterære samtalar, og støttar meg difor heilt på teori som blir knytt opp mot eigne refleksjonar og tolkingar, og ønskjer på denne måten å auke bevisstheit rundt korleis bøker om seksuelle overgrep kan bli brukta i den litterære samtalens i skulen. Eg håpar at mine funn i løpet av denne oppgåva kan bidra til å seie noko konkret om korleis seksuelle overgrep kan bli presentert i biletboka, og som vidare kan vere eit godt grunnlag for litterære samtalar, som kan føre til openheit rundt temaet.

4.1 Litterære samtalar med dei yngste elevane

I følgje Nikolajeva (2000) er biletboka ofte produsert med tanken om at det skal oppstå ein formidlingssituasjon der ein voksen les høgt for born. Ho treng heller ikkje å vere berre for dei små borna, men også for større born, og til mange si overrasking, for dei vaksne. I følgje Nikolajeva har barneboka alltid ein dobbel tiltale, da den vil vende seg til ein barnelesar og ein voksenlesar samtidig. Sjølv lesinga av biletboka er ofte ein lesesituasjon som skjer ved at barnet sitt på fanget til den voksne, og den voksne les høgt for barnet. Inger Helene Tønnesen, som har forska på biletboka og den vanskelege samtalens, meiner det er viktig å bruke god tid på sjølv høgtlesinga. Det kan også vere

Iurt å snakke litt om kva ein skal lese, før ein hoppar rett inn i lesinga. Ein kan også fortelje borna at illustrasjonane som vi skal sjå kan vere litt skumle, men at det kjem til å gå bra til slutt. Slik kan ein forberede borna på tematikken i biletboka (Likestillingssenteret, s. 10). Tønnesen meiner også at det kan vere lurt å velje ut enkelte oppslag i forkant og fokusere på kva som skjer i dei, i staden for å ta for seg heile boka på ein gong. Det er også viktig å lese sakte og å følgje tempoet til borna. Det kan kome spørsmål og reaksjonar til teksta, og det er da viktig at dei får moglegheita til å uttrykkje seg.

Dei borna som blir lest for er særleg oppmerksame på biletene, dei fordjupar seg i illustrasjonenes detaljar og skapar sine eigne førestillingar og tolkar dei ut i frå si forståing (Solstad, 2018, s. 51). Sidan born ofte legg så godt merke til detaljar i biletene, bør ein ta seg tid til å snakke om desse detaljane og kva dei kan bety (Likestillingssenteret, s. 10-11). Under høgtlesinga av biletboka oppstår det moglegheiter som ikkje ville vore moglege ved å lese den sjølv. Perry Nodelman peikar også på den unike resepsjonssituasjonen som oppstår når biletbøker lesast høgt:

Having heard about something in the words, we look to see it, we now interpret what we hear differently. The words change the pictures, and the pictures change the words (Nodelman, 1988, s. 220).

Dette ser ein og i analysen av *Blekkspruten*, der både biletene og verbaltekst fekk ny mening når ein las desse to modalitetane i lag. Når ein les skjønnlitteratur i klasserommet vil elevane tolke, lage førestillingar, vere aktive medskaparar av teksta, fylle dei tomme plassane i teksta og danne seg hypotesar (skrivesenteret). I ein undervisningssituasjon vil det difor vere gunstig å ha ein litterær samtale om det ein les, der elevane får moglegheita til å stille spørsmål samt forklare sine forståingar av det som eg blitt lese. At teksten forandrar seg for kvar gong ein les ho er ein ting, men gjennom den litterære samtalen vil lesaren få tilgang til andre si tolking, noko som vil kunne vere med på å utvide forståinga av ei tekst, samt tilføre nye dimensjonar (Hegde, 2013, s.49). Litterære samtalar inneber at lærar og elevar har utforskande diskusjonar kring ei tekst. Denne diskusjonen baserer seg på både lesaropplevingar og nærlæsingar, og elevane treng både undervisning og trening for å lære seg kva ein litterær samtale går ut på og korleis den gjennomførast (Hennig, 2017, s. 173). Med dei yngste elevane blir gjerne arbeidet med biletbøker gjort gjennom høgtlesing, noko som gir alle borna lik tilgang til teksten, dei får moglegheita til å utvikle ordforråd og nye omgrep, samt dei kan lære korleis slike tekstar er bygd opp. Biletbøker blir arbeida med saman med dei yngste elevane, og styringsdokumenta seier eksplisitt noko om korleis den undervisninga skal gå føre seg. I den utgåande læreplana (LK06) seier læreplanmåla for 2.trinn at elevane skal kunne "samtales om hvordan ord og bilde virker sammen i bildebøker og andre bildemedier" (Udir). Etter 4.trinn står det at elevane skal kunne "lage tekster som kobinerer ord, lyd og bilde, med og uten digitale verktøy" og etter 7.trinn skal elevane kunne "bruke digitale kilder og verktøy til å lage sammensatte tekster med hyperkoplinger og varierte estetiske virkemidler". Ein kan difor, ut i frå desse måla, seie at dei yngste elevane blir godt kjende med multimodale tekstar gjennom fleire arbeidsmåtar på barneskulen.

I arbeidet med biletboka er det viktig at det gis rom for ulike tolkingar og refleksjonar. Dei litterære samtala skal føre til at elevane utviklar si innsikt i korleis teksten og biletene

skapar forteljinga i lag, samt få dei til å føle at deira tolkingar er med på å fylle "dei tomme plassane". I den litterære samtalen har den vaksne moglegheit til å støtte barnet i sine tolkingar, noko som også bidreg til at utviklinga blir stimulert. Høgtlesing og litterære samtalar der både elevanes og lærarens refleksjonar blir løfta fram, skapar eit felles erfaringsrom der borna kan prøve seg fram med nye perspektiv, med støtte frå læraren. Den littelære samtalen kan vere med på å utvikle borns tekstkompetanse, ved å delta i felles refleksjonar og meiningsutvekslingar om dei ulike oppslaga, og korleis seksuelle overgrep blir framstilt. Under denne samtalen får born moglegheita til å stille spørsmål ved det dei ikkje forstår, i både bilet og verbaltekst, samt dele eigne erfaringar og eigne tolkingar og kva dei sjølv trur skjer.

Det er også interessant å sjå på kva for eventuelle fallgruver som kan oppstå når boka rettas mot born som ikkje nødvendigvis har overgrepserfaringar. Samtalen om *Blekkspruten* kan i stor grad opne for mange tolkingar og refleksjonar på ulike nivå. Dei overgripsutsatte borna vil kanskje relatere det dei les om i *Blekkspruten* til sitt eige liv, medan born som ikkje har opplevd seksuelle overgrep vil ikkje her kunne overføre det som blir lest til sine eigne erfaringar. I følgje, er også ein sentral del av litterære samtalar at dei skal klare å relatere det dei les til verda, og ikkje berre sin personlege verd. Gjennom litteraturen og samtalen rundt den fra dei ny innsikt for å forstå verkelegheita (2017, s. 173). Sjølv om den grunnleggjande forteljinga i *Blekkspruten* er seksuelle overgrep, vil likevel elevanes individuelle erfaringar som teksta blir tolka på bakgrunn av, føre til at den aldri vil opplevas heilt likt. Det betyr at også desse elevane vil klare å trekkje ut ei mening frå teksta og bileta, anten ved å relatere den til seg sjølv, eller ved å prøve å sette seg inn i andre situasjonar som kan skje med andre. Dette skal det vere rom for, og det er akkurat det som gjer denne litteraturen levande.

Med viten om dette kan ein difor argumentere for at det ikkje berre er dei overgripsutsatte borna som får noko ut av lesing av ei bok med seksuelle overgrep som tema. *Blekkspruten* kan vere utfordrande å lese, og kan stille krav til lesaren om å bruke eigne erfaringar for å kunne sjå samspelet mellom illustrasjonane og tekst. Unge lesarar vil med utgangspunkt i sin eigen erfaringshorisont fylle tomrom i teksta, vere aktive og dikte vidare både under og etter lesinga er avslutta. På grunn av sine erfaringar vil lesarane også kunne sjå samanhengar frå biletboka og til sitt eige liv. Når elevane blir nøydd til å bruke eigne tankar og erfaringar til å fylle dei tomme plassane, kan det bevisst eller ubevisst føre til bearbeiding av eigen identitet (Hegde, 2013, s. 45-46). Desse ulike erfaringane vil føre til ulike tolkingar av teksta, og som difor vil kunne påverke den litterære samtalen i fleire retningar. Dette kan vere verdifullt for samtalen, da dei unge lesarane får moglegheita til å høyre ulike tolkingar på den meininga dei sjølv har skapa, noko som også kan føre til litterære diskusjonar rundt det dei har lest. Å høye kvarandre sine tankar og refleksjonar kan gi samtalen djupne, samt føre til vidare læring, da deira eigen forståing kan bli utfordra.

I samband med den litterære samtalen er det og relevant å sjå på korleis *Blekkspruten* treff og blir oppfatta av sitt publikum, og kva den inspirerer born til å snakke om under samtalen. Temaet blir framstilt gjennom eit barnleg språk, utan vanskelege ord eller omgrep, som gjer det mogleg for barnet å kjenne seg att og forstå kva som blir fortalt. Setningane og avsnitta er særskilt korte, og gjer det enkelt for lesaren å følje med i teksta:

Apen får Gullet til å le
av dumme kattevideoer
og verdens styggeste hund på YouTube.
Og Gullet får klatre opp på ryggen hans.
Da blir han en elefant
som bærer Gullet helt til Agra”
(Dahle og Nyhus, 2016, s. 3).

Gjennom det enkle ordvalet og barnlege språket, nærmar biletboka seg barnets perspektiv på verda. Gjennom barneperspektivet kan born identifisere seg med karakteren, eller kjenne att element ved biletboka, og kanskje overføre det til eige liv. Om barnet kjennar seg att i forteljinga, kan det oppleve biletbokas handling gjennom karakteren, som da er Gullet, og på denne måten få eit distansert, men på same tid nært, forhold til bokas tema og innhald. I *Blekkspruten* kan det vere eit nært forhold da unge lesarar kan identifisere seg med og føle sympati med hovudkarakteren, da den også er eit born, men distansert da dette er ei fiksionsverd.

Mange born kan kjenne seg att i det Gullet er og det ho gjer, sjølv om dei kanskje ikkje kjenner seg att i alt som skjer i forteljinga. Som vi ser på fleire av oppslaga i *Blekkspruten*, så liker Gullet å leike med kosedyra sine på golvet, noko som ikkje er ulikt det mange andre born gjer. Gjennom både det visuelle og det verbale får lesaren tilgang til Gullets kjensler. Som ein ser i analysen blir redselen beskrive gjennom metaforar som gjer det mogleg å sette seg inn i Gullets ståstad. Eit born som har opplevd likande hendingar, kan kjenne att dei ulike opplevelingane som blir beskrive i *Blekkspruten*, samt kjenslene til Gullet. Slik kan lesarar med slike erfaringar få ei forståing og kjensle av at dei ikkje er åleine, og at det fins fleire som har opplevd det same som dei. Gjennom den litterære samtaLEN kan ein blant anna fokusere på desse kjenslene og tankeprosessane til hovudkarakteren. Sidan det er eit fiksionsunivers blir det skapt ein distanse, og ein flyttar fokus frå seg sjølv til å snakke om nokon andre. På denne måten kan det være mogleg for born som er utsatt for seksuelle overgrep å få tilarbeidd eigne erfaringar. Det metaforiske språket gjer det også mogleg for andre å kjenne seg att i dei kjenslene som blir skildra gjennom biletboka, da det opnar opp for fleire tolkingar. Slik kan ein også gjennom ein samtale få engasjert dei elevane som ikkje har opplevd seksuelle overgrep, da dei møter denne teksta med si forforståing. Desse ulike opplevelingane av biletboka trur eg hadde vore interessant å fokusert på under ein litterær samtale i klasserommet.

Gjennom høgtlesinga blir borna introdusert til verbalteksta, og høgtlesaren kan både delta og styre den litterære samtaLEN med born, men det er ikkje meininga at den vaksne skal overstyre samtaLEN. Høgtlesaren har som rolle å passe på at det er borns undring som får kome fram, da det er bornas eigne tolkingar og refleksjonar som skal vere forutsettinga for den litterære samtaLEN (Marthinussen, 2019, s.24). Dette kan ein oppnå ved å stoppe opp ved dei forhåndsvalde oppslaga, og stille spørsmål ved dei, slik at borna kan fortelje om sine opplevelingar av teksta. Dette er gjerne spørsmål som ikkje har ein fasit, og som bør løftas fram fordi dei krevjar meir refleksjon frå barnet.

Blekksprutens tema, seksuelle overgrep, kan vere vanskeleg for born å begripe, og slik kan biletboka vere ein god inngangsport til å snakke om seksuelle overgrep. Gjennom høgtlesinga av *Blekkspruten* blir bornet introdusert for både teksta og illustrasjonane i biletboka, som kan vere med på å hjelpe born forstå korleis eit seksuelt overgrep kan

opplevas for den som blir utsatt for det.

Ut i frå dei funna som vart gjort i analysen av *Blekspruten*, kan ein sjå at det er fleire moment ved teksta som kan tolkas ulikt, og som difor gjer det særskilt interessant å fokusere på dette ved ein litterære samtale med elevar. Ein kan også seie at det er ei vanskeleg tekst, og som difor har behov for at læraren kan ta styringa under ein samtale, og hjelpe elevane med å forstå teksta om dei skulle stå fast. Eg er her ueinig i det Hennig (2017) skriv om at læraren ikkje skal styre samtalen, men ramme den inn for så å la borna sjølv få snakke, da det i møte med slike biletbøker kan oppstå moment der læraren blir nøydd til å hjelpe elevane i samtalen. Som nemnd i analysen er det fleire illustrasjonar som kan vere tvitydige, da både dei og verbalspråket ikkje skildrar kva som skjer med eksplisitte ord, men heller gjennom metaforar og andre symbol. Born vil kunne tolke metaforar og forstå dei utifrå sin eigen situasjon. Menneske er ulike, og vil difor ofte ha ulike tolkingar av det metaforsike uttrykket, og finne ulike meininger i den same forteljinga.

For den situasjonen boka er laga og tenkt til, vil det vere viktig at desse metaforane er noko borna kan kjenne att i eige liv for å kunne ha ein funksjon. Om born som har opplevd seksuelle overgrep ikkje kan kjenne seg att i illustrasjonane vil ikkje metaforane gjere det mogleg å omforme dei traumatiske erfaringane til noko som det blir mogleg å snakke om (Fjeldberg sitert i Tønnesen, 2012, s. 23). Det er difor sentralt at metaforane er personleg relevant, og at dei samsvarar med barnets opplevingar og erfaringar. Det er først da at metaforane vil kunne vere terapeutisk. Tønnesen skriv og at det ikkje handlar om at bornet treng å bli bevisst på at "dette handlar om meg", men heller at metaforane skapar ei fornemming hos bornet om at dette dreier seg om noko som har med barnets situasjon å gjøre (Mossige, 1996 sitert i Tønnesen, 2012, s. 23). Heldigvis vil dei fleste barnelesarane møte *Blekspruten* utan eigne erfaringar om seksuelle overgrep. Gjennom metaforane og symbolspråket kan boka også gi desse borna noko, samt bety noko for dei, sjølv om dei ikkje har opplevd denne akutelle situasjonen sjølv. For undervisningssituasjonen i klasserommet derimot er ikkje nødvendigvis målet at det skal vere terapeutisk. Under den litterære samtalen handlar det meir om at elevane får øve på sin refleksjons- og forestillingsevne, og om å sette ord på ei estetisk erfaring. Samtalane kan likevel ha ein terapeutisk effekt, sjølv om det ikkje er hovudmålet.

Alle dei ulike metaforane i *Blekspruten* er på mange måtar med på å skape ein distanse mellom lesar og det seksuelle overgrepet som oppstår i biletboka. Eg trur at metaforen gjer det mogleg å kunne snakke om det som blir framstilt, i ein litterær samtale, utan at det skal bli for vanskeleg. Hadde biletboka derimot vore illustrert på ein realistisk måte, og vist alt slik som det faktisk er i verkelegheita, kunne boka heller ha skremt lesarane til å tie. Da ville ikkje biletboka vore hensiktsmessig å bruke under ein litterær samtale i skulen, og kunne ikkje blitt bruka for sitt formål heller. Det karnevalistiske ved *Blekspruten* skapar eit univers der leiken og fantasien er framtredande, og gjer at det blir lettare å snakke om og handtere seksuelle overgrep som tema. Her kan ein også sjå tilbake på alle dyrefigurane som blir bruka i *Blekspruten*. Blant anna blir fleire av karakterane anten samanlikna med, omtala som eller forandra til dyr i løpet av biletboka.

4.1.1 Metaforar og forvandlingsmotivet som kjelde til litterære samtalar om Blekkspruten

Når det seksuelle overgrepet skjer, blir storebroren, som vi såg i analysen, forandra til Blekkspruten. Dette grepet gjer det mogleg å lese om seksuelle overgrep, utan at det skal bli alt for skummelt for lesarane. Denne metaforen er nok ein av dei mest sentrale i løpet av forteljinga. Sidan biletboka handlar om eit så sårbart tema som seksuelle overgrep kan metaforar som blekkspruten vere nødvendig. Ved å bruke metaforar kan seksuelle overgrep bli nærma på ein måte som gjer det trygt for born å snakke om det (Tønnesen, 2012, s. 23). Born vil gjennom sin eigen tekstkompetanse oppfatte at Blekkspruten er fiksjon, som da kan gjere det mogleg å halde det forferdelege litt på avstand. Det er fleire element i Blekkspruten som gjer at ein kan halde overgrepet litt på avstand, da sjølve overgrepet ikkje blir skildra gjennom konkrete og realistiske skildringar. Blekksprutmetaforen kan vere med på å ufarleggjere det som blir lest. Blekksprut-metaforen kan vere både forståeleg og uforståeleg på same tid, men det er avhengig av kven lesaren er. Born med overgrepserfaringar kan kjenne seg att i skildringane, medan andre born utan desse erfaringane vil kanskje ikkje ha moglegheit til å forstå alt. Likevel kan metaforen gi eit bilet til dei som ikkje har blitt utsatt for seksuelle overgrep, at det er noko forferdeleg som skjer mot Gullet. Metaforen er såpass tvitydig, at det er mogleg for alle lesarar å trekkje ut ei mening, uavhengig av det dei har opplevd. Slik kan metaforen også bety fleire ting på fleire ulike plan, da den kan bli tolka ulikt. Dette kjem også an på kva forståelseshorisont borna har.

Storebroren endrar seg da først frå apen til å bli Blekkspruten. Men på slutten av boka blir han berre omtala som ein frosk. Her kan det vere mykje å sjå nærmare på under ein litterær samtale. Som lærar kan ein blant anna spørje elevane kvifor dei trur storebror til Gullet går gjennom desse forandringane, og kva dei eigentleg tyder. Her kan det sjølvsagt kome fleire ulike tolkingar på det dei har lest. Det kan vere hensiktsmessig å samanlikne to oppslag, og vidare sjå på kva for endringar ein ser, både i illustrasjonane og i verbalteksta. Frå dei første oppslaga til han blir til Blekkspruten vil nok born oppfatte ei stor forandring. Det kan løne seg å snakke spesifikt om Blekkspruten, og kva akkurat den figuren får oss til å tenkje og føle. Kanskje har elevane forslag til kvifor han endrar seg til noko som kan bli oppfatta som skummelt. Å sjå på plasseringa og storleiken til Blekkspruten i forhold til Gullet kan og vere verdt å spørje elevane om dei har nokre tankar om. Kanskje føler dei seg sjølv små og andre som store når dei opplever noko skummelt eller får kjeft? Her kan ein spørje kvifor dei trur Gullet blir illustrert som lita, og Blekkspruten som stor. Også den siste forandringa kan vere interessant å undersøkje i ein samtale, da endringa her ikkje er eksplisitt i biletta. Gjennom verbalteksta får vi vite at no er storebroren ein frosk, og om ein ser dette i lag med illustrasjonen, ser vi at han både er blitt mykje mindre enn dei på dei førre oppslaga, samt har inntekte ein froske-positur. Kontrasten mellom den store og farlege Blekkspruten, og den vesle, ufarlege frosken er stor. Under samtalen kan læraren spørje elevane om kvifor dei trur storebroren har gått gjennom denne endringa.

Også maten og rotet rundt storebroren kan vere sentralt å sjå nærmare på i den litterære samtalen. Han blir knytt til det ureine og skitne gjennom ein do-rull, samt at do-døra bak han står open. Desse detaljane rundt storebroren blir ikkje nemnd med ord, men dei er likevel med på å gje lesaren inntrykk om korleis denne personen er. I samtalen kan læraren spørje elevane kvifor dei trur det er så mykje rot i rundt han, og kva det får dei

til å tenkje på. Også kleda til storebroren er merkbare, da han så og seie heile tida ser uflidd ut. Beltet hans er aldri ordentleg festa rundt livet, det heng og sleng mellom beina på han. Dette er ein detalj som kan minne om det mannlege kjønnsorgan, og det same gjer bananen som ligg ved føtene hans. Denne koplinga vil nok ikkje barnelesaren gjere. Barne- og vaksenlesaren har ulike forventningshorisontar og erfaringar, og vil difor dra forskjellige meininger, slik som dette, ut av boka.

Forvandlingsmotivet er, som vi såg i analysen, til stades fleire plassar i Blekkspruten. Også mora og faren går gjennom forandringar som kan vere verdt å snakke om i ein litterær samtale. I byrjinga av Blekkspruten var ikkje Gullet sikker på kva for dyr mora var, noko som fekk ho til å verke som usikker. Men etter mora får vite om overgrepstiden Gullet at mora er ei ørn. Dette kan ein spele vidare på i samtalen, og spørje kva det er som gjer at mora no har blitt til ei ørn. Kanskje har borna nokre tankar om korleis ei ørn er, om den er sterkt eller svak. Her kan ein snakke om korleis mora har gått frå å kanskje vere litt svak, til å bli forvandla til noko sterkt, som vil gjere alt for dotter si. Ei slik samanlikning kan kanskje få andre born til å tenkje at det løner seg å fortelje mor om dei opplever noko trasig. Også far går gjennom ei lita endring frå oppslag 1 og det siste oppslaget. På det første blir han omtala som ein struts. Fleire born kjenner til strutsen, og veit det er typisk for det dyret å stikke hovudet i jorda og gøyme seg. Sjølv om ikkje illustrasjonane viser at han er ein struts, så ser vi likevel at han har hovudet i telefonen sin, utan å sjå opp. Born med foreldre som ikkje føljer med, men heller har blikket ned i telefonen sin, kan kanskje kjenne att sine foreldre i denne samanlikninga. På det siste oppslaget framstillas faren annleis i illustrasjonane, da han no har blikket opp. Han gøymer seg ikkje i skjermen på telefonen sin, men ser ut til å vere mykje meir til stades.

4.1.2 Gullet

Det er også andre forandringar som skjer i løpet av *Blekkspruten*. Å rette fokuset på dei indre endringane Gullet går gjennom kan på mange måtar vere interessant å diskutere i ein litterær samtale. Blant anna kan ein sjå på Gullet før overgrepstiden, etter overgrepstiden og etter ho har fortalt om det til mor si. Desse tre fasane er særskilt viktige for utviklinga til Gullet, og er moglegvis noko fleire born kan kjenne seg att i. For at elevane skal sjå dette, kan læraren spørje elevane om dei ser nokre endringar eller forskjellar frå det første oppslaget, og til oppslaget rett etter overgrepstiden har skjedd (oppslag 8), når Gullet sitt att naken og åleine på golvet. Desse oppslaga er sterke kontrastar til kvarandre, både når det kjem til tekst og det vi ser i biletta, og er nok noko elevane vil leggje merke til. Ein kan velje å først fokusere på illustrasjonane, der ein vil sjå at fargebruken har gått frå gul til blå. Det er heller ikkje vanskeleg å sjå at det er noko som har skjedd med Gullet, da ho har gått frå å vere smilande og glad, til å sitte samankrøkt med armane i rundt seg. I verbalteksta er det også kontrastar som kommenterer fargane, da ho på første oppslag følte seg som gull, men ikkje lenger etter overgrepstiden: "Nå er ikke Gullet gull lenger, hun merker det selv, at hun slutter å lyse, at hun slukner, kjenner hvordan hun synker ned dit hvor bare en stein kan synke" (Dahle og Nyhus, 2016, s. 16). I ein litterær samtale kan det vere relevant å fokusere på fargeforandringane i biletboka, som også endrar seg i takt med Gullets kjensler og oppleveling av å miste seg sjølv. Her kan det vere aktuelt å diskutere korleis fargebruken blir oppfatta av elevane, og korleis dei sjølv opplever fargane i lag med det som skjer med Gullet. Det kan også vere viktig å gjere kvarandre bevisst på desse endringane, og spesielt den siste endringa ho gjer. For

Gullet klarar å bryte stillheita om overgrepet, og fortelje det til mor si på oppslag 12 og 13. Her kan man fokusere på kva slags endringar ein ser i Gullet frå korleis ho følte seg etter overgrepet, og korleis ho føler seg på oppslaga etter ho har fortalt mor si om overgrepet. Her kan ein og fokusere på fargane, da Gullet litt etter litt får tilbake gullfargen. På siste oppslag kjem det tydeleg fram at Gullet har funne meir og meir tilbake til seg sjølv: "Hun kjenner at hun begynner å glitre igjen, det kiler helt ytterst ute i fingertuppene. For hun er Gullet" (Dahle og Nyhus, 2016, s. 36). Denne endringa viser nemleg at det endar godt til slutt, og kan på mange måtar vere til hjelp for born, og ikkje berre dei som er i same situasjon som Gullet.

Ved at born opplever hendingane gjennom bokas karakter, som da er Gullet, kan det oppstå ein naturleg distanse til innhaldet og det som skjer. Under den litterære samtalen kan blant anna læraren spørje elevane sine om dei synes karakteren skulle gjort noko annleis. På denne måten blir det konkretisert at det dei les er fiksjon, men inviterer likevel born inn til samtale, der dei kan trekkje inn korleis dei sjølv ville takla ein slik situasjon. Ved at born opplever temaet indirekte gjennom ein fiktiv figur, kan biletboka Blekkspruten vere med på å gjere eit slikt vanskeleg tema meir begripeleg for born.

Seksuelle overgrep som tema kan vere særskjenslada, og kan difor vere eit naturleg samtaleemne i den litterære samtalen. Om born opplever at nokon andre har det vanskeleg i samtalen kan dei støtte på kvarandre, og også slik utvikle auka empati. Alle reagerar ulikt, og det fins ikkje noko fasit på korleis ein skal vise kjensler, men gjennom barnekarakteren Gullet får born erfare at det er greitt å bli lei seg og trist. Gullet går frå å vere den leikeglade jenta, til å bli trist, engsteleg og passiv, og gjennomgår difor ei endring i seg sjølv før og etter overgrepet. Dette kan blant anna born som har opplevd liknande kjenne seg att i.

4.1.3 Heimen

Eg trur også det ville vore interessant og hensiktsmessig å sjå på dei forandringane som skjer med heimen i Blekkspruten. Det er tydeleg at heimen endrar seg i takt med Gullets kjensler, da det går frå å vere ein trygg stad, til å bli utsig og ukjent under og etter overgrepet. Dette såg vi allereie på oppslag 8, der storebroren kom inn på rommet hennar og låste døra: "Og rommet til Gullet er ikke lenger det rommet hun kjenner så godt, det er et annet rom, et annet sted, dypt under vann" (Dahle og Nyhus, 2016, s. 8). Desse skildringane kan vere interessante å fokusere på ved ein litterær samtale, da det eigentleg ikkje blir forkart eksplisitt kvifor omgjevnadane endrar seg. Ein kan også stille spørsmålet om det eigentleg er omgjevnadane som endrar seg, eller om det rett og slett er slik karakteren opplever det. Her er det ein tydeleg ambivalens ved biletet og teksten som kan vere interessant å sjå nærmare på i ein samtale, for utifrå det visuelle kan ein ikkje sjå noko endringar ved omgjevnadane. Ved å sjå dette i lag med illustrasjonane trur eg dei fleste elevane vil få nokre tankar om korleis denne situasjonen opplevas for Gullet. Her kan ein samtale om korleis hendingar kan få det i rundt til å virke utsig og skummelt, sjølv om det kanskje er på det elles trygge soverommet. Soverommet til Gullet gjekk frå å vere ein trygg stad der ho kjente kvar ein krok, til å bli like ukjent og skummelt som botnen på havet. Den vaksne leseren vil nok tolke det dit at det endrar seg fordi Gullet er redd, og det er frykta som gjer at alt blir annleis. Dei som har opplevd eit seksuelt overgrep vil kanskje med sine erfaringar kunne overføre det til den

situasjonen som blir framstilt her, og kjenne at det med at rommet endrar seg til noko ukjent for den som blir utsatt for overgrepet. Likevel kan desse beskrivingane av omgjevnadane, og korleis dei endrar seg, også vere noko som andre og kan kjenne seg att i når ein føler seg utrygg, eller kanskje redd. Om born vil gjere denne tolkinga, eller klare å sette ord på dette under ein litterær samtale hadde vore interessant å finne ut.

Kosedyra som er med på alle oppslaga er også viktige for handlinga og heim-motivet. Ved første augekast kan alle kosedyra bli oppfatta som ein leikande effekt, men som ved nærmere undersøking kan vise til mykje som peiker på det seksuelle overgropet som skal skje. I analysen såg vi at desse kosedyra er med på å ufarleggjere forteljinga, samt var med på å skape ein slags distanse til det som skjer – sjølv om dei også har fått ein slags symbolsk betydning for det som skjer. Vi ser også forvandlingsmotivet i desse kosedyra, da dei også går gjennom forandringer i løpet av biletboka. Dette kan og vere eit interessant aspekt å diskutere i lag med elevane. Gjennom desse metaforane og dyriske illustrasjonane i Blekkspruten kan ein få moglegheita til å snakke om seksuelle overgrep på ein ufarleg måte.

Nokre vil kanskje ikkje tenkje så mykje over desse kosedyra som er med på alle oppslaga, men som nemnd tidlegare er born ofte mykje meir interessert i illustrasjonane enn ein voksen. Her fortel bileta mykje meir enn det som står i teksta, og er med på å sette ei slags stemning og forståing for kva som skjer. Kosedyra har dermed ein funksjon i *Blekkspruten*, sjølv om dei ikkje blir eksplisitt nemnd i verbalteksta. I ein litterær samtale kan ein rette fokuset på desse kosedyra, og høyre med elevane korleis dei opplever desse små figurane. Ein kan også spørje elevane om kosedyre er viktige for forteljinga, og kvifor. Her kan ein fokusere på nokre førehandsbestemte oppslag, som blant anna det første oppslaget. Her er det store rom for tolking og refleksjon. Med Gullet leikande på golvet med kosedyra sine ser alt fredeleg og trygt ut, men om ein ser nøye etter er det fleire ting som kanskje ikkje ser ut til å stemme. Nokre kosedyr er plassert i dukkesenga, og fleire av dei har synlege kjønnsorgan. Desse detaljane er ikkje framtredande, men dei er likevel der, og fungerer som frampeik for det seksuelle overgropet skal skje seinare i biletboka. Det er ikkje sikkert at born kan trekkje ut ei slik mening åleine, men i den litterære samtalen kan slike spesifikke detaljar bli snakka meir om. Desse detaljane blir ikkje nemnd i verbalteksta, så her er det berre illustrasjonane som kan indikere at det er noko seksuelt over det heile.

Å fokusere på korleis kosedyra kan kommunisere ei stemning, om det er trygt eller farleg, og korleis dei endrar seg fortlaupande i biletboka kan vere eit interessant fokus i ein samtale. Under og etter overgropet har skjedd verkar kosedyra også redde, da dei ser ut til å gøyme seg, samt spele død. I samtalen kan ein spørje elevane om korleis dei trur kosedyra føler seg. Om det kjem fram at dei er redde og utrygge, kan det vere aktuelt å spørje vidare om kvifor dei er det. Ulike forventningshorisontar spelar sjølvsagt inn her, og dei fleste born vil ikkje ha forståing for at dei er redde på grunn av at det har skjedd eit overgrep. Men med hjelp frå læraren i ein samtale, vil dei kanskje likevel kunne oppfatte at Blekkspruten er farleg og skummel, og kan nok difor kunne seie noko om kosedyras frykt for Blekkspruten.

I samtalen om heimen hadde det også vore relevant å snakke om nøkkelen som er med på fleire av oppslaga. Her kan ein snakke om korleis nøkkelen løser og stengjer inne det som skjer, og korleis Gullet mister all makt når storebror har nøkkelen. Om elevane

ikkje nemner nøkkelen sjølv, er det rom for at læraren styrar samtalen dit. Da kan læraren spørje om dei har lagt merke til nøkkelen, og kvifor dei trur den er med på oppslaga. Her kan samtalen peilas inn på hemmelegheiter, og korleis dei av og til blir stengd inne, når dei eigentleg burde bli snakka om. I Blekkspruten blir det seksuelle overgrepet stengd inne av nøkkelen, men Gullet klarar omsider å fortelje det til mor si. Korleis Gullet får det etter ho har sagt det er nok eit viktig poeng, og viktig å understreke. I samtalen her rettar ein fokuset på kor viktig det er å snakke om det som tyngjer ein, og born lærar kanskje at ikkje alle hemmelegheiter skal vere hemmelege. Dette kan vere eit viktig tema å kome inn på under samtalen. For når hemmelegheita ikkje får vere innestengd meir, har ikkje lenger storebror makta lenger, og heimen blir etter kvart trygg igjen. Det kan her vere relevant å snakke om makt, og kva elevane legg i det ordet. Har dei fått noko nye tankar eller forståingar om makt etter å ha lese *Blekkspruten*?

4.2 Lærarens rolle – eventuelle fallgruver

Elevane fangar ofte opp ulike mønster i tekstene dei les, men dei har ikkje alltid det nødvendige vokabularet for å sette ord på det dei ser. I følgje Hennig (2017, s. 51), treng elevane eit presist språk for å kunne formidle sine observasjonar og refleksjonar. Men er dette alltid viktig, uansett? Når det gjeld tekstar som handlar om incest og overgrep, så har ikkje dei yngste elevane eit omgrep eller repertoar for å setje ord på tematikken, men det er heller ikkje det som skal vere fokuset i den litterære samtalen her. I staden kan litterære samtalar om biletbøker med slik tematikk ha stor verdi, i form av at born lærar korleis dei skal verbalisere vonde og vanskelege kjensler, samt dei får eit språk til å kunne samtale om kropp og grenser. Det dreiar seg ikkje om at borna skal bli eksplisitt informert om seksuelle overgrep, men om kva vonde kjensler og kropp og grenser er for noko. Dette kan vere eit viktig bidrag til det som i den overordna delen av den nye læreplana blir kallar for "Folkehelse og livsmestring" (Udir).

Ein av dei viktigaste kvalitetane til *Blekkspruten*, slik eg ser det, er at den er metaforisk og skapar rom for undring og fleirtydigheit. Eg meiner difor at læraren ikkje treng å informere klassen eksplisitt om at dette er ei bok om seksuelle overgrep, og at læraren difor bør unngå å ha ei "innføring" i kva seksuelle overgrep er. På grunn av bokas moglegheit til å bli tolka så ulikt av elevane, blir dei presentert for eit fiksjonsunivers med nokre relasjonar og kjensler som dei kanskje kan kjenne seg att i, og som dei gjennom den litterære samtalen blir invitert til å sette ord på. Det er i denne samanhengen difor ikkje nødvendig at elevane utviklar eit vokabular knytt til incest og seksuelle overgrep.

Den litterære samtalen om biletboka vil kunne stimulere både observasjon og refleksjon, og ved at elevane får moglegheit til å uttrykkje det dei tenkjer, noko som kan gi klassekameratane ei utvida forståing av det som blir lest. Slike samtalar krevjar at læraren tek styringa, og sorgjer for at dei riktige spørsmåla blir stilt, slik at det blir god framdrift (Skarðhamar 2011, s.110-112), samt at ingen elevar skal oppleve ubehag ved samtale om biletboka og seksuelle overgrep. Hennig meiner at læraren aldri skal være styrande (2017, s. 165), men eg trur at i denne samanhengen kan det vere både problematisk og vanskeleg. Blekkspruten er ei kompleks biletbok, så elevane kan ha behov for at læraren held dei i handa og førar dei inn på dei ulike metaforane og motiva i biletboka. Dette tyder ikkje at læraren skal fortelje sine tolkingar, men heller lede

elevane på den måten slik at dei får moglegheita til å fortelje sine refleksjonar og tankar om alt dei har observert.

Det er viktig at ein ikkje berre ser på biletbokas potensiale, men også eventuelle fallgruver som kan oppstå når den blir brukta i klasserommet. *Blekspruten* stiller litterære samtalar også ovanfor nokre utfordringar. Boka er tenkt til å vere eit hjelpemiddel i terapeutiske samtalar i regi av helsepersonell eller barnevern. Men kva skjer da når ein tar denne boka og brukar den i klasserommet? Det som kan vere i vanskeleg med samtalar om slike bøker, er at ein kan aldri vite heilt sikkert kva elevane har opplevd. Om det da finns born med overgrepserfaringar i klasserommet, kan det skape ein etisk sett meir krevjande situasjon for læraren. Om det kjem informasjon om seksuell vald i klasseromsamtalen, korleis skal da læraren handtere dette? Dette er eit særskilt sensitivt område, men også interessant å sjå nærmare på korleis ein kan tilrettelege desse samtalane i klasserommet, slik at dei vil verke gode og kanskje til og med terapeutiske, og ikkje risikere at born skal bli vidare traumatisert.

Temaet er sårt, og kan vekkje minner og skape ulike reaksjonar hos born. Å vite korleis kvart og eitt born taklar å lese ei slik bok, er vanskeleg å vite. Ein må difor vere meir varsam og audmjuk når ein samtalar om bøker med overgrep som tematikk, noko ein kanskje ikkje treng å tenkje like mykje på med dei "ufarlege" bøkene. Målet med desse samtalane er ikkje å framkalla sterke kjensler hos borna, men heller å dempe dei uuthaldelege som allereie er til stades (Raundalen & Schultz, 2008 sitert i Tønnesen, 2012, s. 14), samt takle dei vanskelege opplevingane. Dette kan ein blant anna gjere ved å fokusere på karakterane i boka og det dei går gjennom, og klare å snakke om dette samstundes som ein held seg distansert til det som skjer. Å forklare eksplisitt om den seksuelle valden som skjer kan bli for brutal for born å takle. Eg meiner difor at læraren ikkje skal vere eksplisitt om seksuelle overgrep i den litterære samtalen, men heller fokusere på alle dei ulike detaljane i biletboka, og snakke utover desse og kva dei gjer med oss, i staden for å sette konkrete ord på kva som skjer på dei ulike oppslaga.

Born kan få sterke kjenslemessige reaksjonar på litteratur som blir lest, og skulen har eit ansvar for å ta vare på desse elevane som slit med vonde opplevingar og trumer (Traavik, 2012, s. 14). Ein skal ikkje tenkje at det å snakke med desse elevane som har store reaksjonar er farleg, da det i følgje Traavik kan vere til stor hjelp at ein empatisk og forståingsfull lærar snakkar med dei (2012, s. 14). Sjølv om lærarar er omsorgsfulle medmenneske, så er dei ikkje terapeutar. Om det oppstår informasjon under samtalen om at ein av elevane har opplevd liknande heime, er det viktig å følgje opp dette. Om informasjon om seksuelle overgrep (eller anna type vald) kjem fram, får læraren eit stort etisk ansvar, ikkje berre for å følge opp sjølv, men for å melde frå og kople på hjelpeapparat. Elevane skal alltid få tilbod gjennom det hjelpeapparatet som er knytt til skulen (Traavik, 2012, s. 14). Det er difor viktig at læraren på førehand veit korleis han/ho skal handtere ein eventuell mistanke om overgripsutsatte elevar, samt kjenne til skulens handlingsplanar.

Så kvifor skal ein samtale om slike bøker, om ein veit kva for reaksjonar det kan skape? Dette er nok eit perspektiv fleire kan tenkje på eller bekymre seg over, og sjå for seg at det å samtale om seksuelle overgrep i eit klasserom blir for valdsamt. Men korleis skal ein da eventuelt avdekke seksuelle overgrep, og hjelpe dei borna dei aktuelle borna? Openheit rundt temaet er viktig, og det trur eg ein kan oppnå ved å ha litterære

samtalar om bøker som handlar om seksuelle overgrep, slik som *Blekkspruten* gjer. Det er ikkje alltid ein har mistankar om at born opplever vald heime, men i følgje statistikk veit vi likevel at det skjer. Difor er det viktig at læraren tør å ta opp temaet i klasserommet, slik at dei utsette borna kan få moglegheita til å opne seg og fortelje om det til ein trygg voksen. Ved å ta bøker slik som *Blekkspruten* inn i klasserommet, kan ein også vere med på å bryte ned stigmaet for å snakke om det som er vanskeleg. Sjølv om alt dette er viktig, er hovudpoenget mitt i denne oppgåva at biletboka om seksuelle overgrep inneheld fiksjon og metaforar som skapar ein distanse som gjer det mogleg å snakke om dette utan å nødvendigvis måtte relatere det direkte til eigne erfaringar. Det er heller ikkje slik at berre dei borna som har opplevd seksuelle overgrep får noko ut av *Blekkspruten*.

4.3 Kan tilby noko til alle

Blekkspruten er eit bestillingsverk, men eg hevdar at bokas format og tema likevel kan ha noko å tilby elevar i ein klasseromsituasjon, sjølv om det er andre ting ein må tenkje meir på i denne samanhengen. Ein kan argumentere for at denne biletboka kan vere eit godt verktøy for å snakke om grenser, samt kanskje vere eit førebyggjande effekt. Måten kjenslene og den tunge situasjonen blir skildra gjennom illustrasjonane og verbalteksta gjer at alle born kan sette seg inn i korleis det er for Gullet, til tross for at dei ikkje har erfaring med seksuelle overgrep. På denne måten kan verket vere med på å skape empati og medkjensle hos elevane. Dei lærar at born kan ha det vanskeleg og vondt, og at det ikkje nødvendigvis vises utanpå korleis nokon har det. For på Gullet kan ein jo eigentleg ikkje sjå kva som har skjedd eller kva som gjer at ho er lei seg, det er heller dei vonde tankane og åtferda hennar som får mora til å skjøne at noko er galt. Gjennom *Blekkspruten* får elevane innblikk i korleis born kan det vanskeleg og oppleve traumatiske ting, utan at nokon veit om det. Dette kan blant anna vere med på å gjere at elevar får tankar om at ikkje alle har det godt. Ved å lese slike bøker kan ein kanskje lære at ikkje alle har det bra, og slik utvikle ein slags forståing for dei rundt seg. Kanskje kan born bli meir forståingsfulle og empatiske av slike bøker?

Born som ikkje har opplevd seksuelle overgrep kan også finne andre meininger i forteljinga, da både bileta og illustrasjonane i *Blekkspruten* er tvitydige. Det finst ikkje ein fasit, noko som gjer at dei kan passe i lag med andre erfaringar og kjensler, til tross for at det er seksuelle overgrep som ligg i botnen av denne bildeboka. Born vil alltid bruke sine eigne førforståingar for å finne mening i tekst, og på denne måten kan boka bety noko for alle. Ei alternativ tolking på *Blekkspruten* kan vere at Gullet og storebroren kranglar, og at han rett og slett er uhyggjeleg mot ho. Å krangle med sysken er kanskje ei erfaring born er mest kjend med, og kan difor bli ei naturleg tolking for dei som korkje har erfaring eller kunnskap om seksuelle overgrep. Det er også mogleg å lese *Blekkspruten* frå eit anna valdsperspektiv. Born som for eksempel har opplevd å bli slått eller andre fysiske overgrep, kan tolke det slik at Gullet opplever den typen vald. Desse tolkingane er det også viktig å gi rom for i samtalene, da det ikkje fins noko fasit på korleis borna skal oppleve denne biletboka. Dette er noko av det som skil ein fiksjonstekst frå for eksempel ein infofilm, da dei litterære samtalane legg fokus på elevanes meiningsskaping, og ikkje nødvendigvis på den "lærdomen" som boka kommenterer.

I den litterære samtaLEN kan elevane identifisere seg med hovudkarakteren og kjenne seg att i skildringane, sjølv om dei ikkje kjenner til seksuelle handlingar. Det er sjølv sagt fleire situasjonar eit born kan føle seg utrygg i, og dette motivet ved forteljinga kan difor vere viktig å snakke om i lag med elevane. I lesestunda kan læraren skape ein trygg atmosfære, og i løpet av lesinga av *Blekkspruten* vil nokre kunne kjenne seg att i det dei har lest, eller kanskje berre i noko av det. SamtaLEN blir da særsviktig. Born kan få urolege reaksjonar på *Blekkspruten*, og desse reaksjonane er det viktig at læraren imøtekjem. Dette kan gjerast ved at læraren legg til rette for at born skal få moglegheita til å snakke om dei kjenslene dei har etter å ha lest boka. Etter å ha lest ei bok med eit tema som kan opplevas som skremmande for mange, er det viktig at dei spørsmåla, tankane og fantasiane dei har fått etter lesinga får kome fram. Her må læraren følje opp og gi forklaringar på det elevane lurar på. Ved at læraren sett handlingane inn i ei ramme som barnet kan forstå, vil det vidare få forståing for situasjonen, og kan slik klare å tilarbeide eigne opplevingar og kjensler (Tønnesen, 2012, s. 11).

5 Oppsummering

Ved å lese og snakke om det estetiske ved denne boka, får born moglegheita til å snakke om noko viktig og alvorleg som oppheld seg utanfor litteraturen. Dette kan vere ein døropnar til eit vanskeleg tema, noko som kan vere verdifullt både for dei overgrepssatte borna, samt den kan vere med på å utvikle empati og medkjensle hos dei borna som ikkje har slike personlege opplevingar. Bøker som viser situasjonar som born kan kjenne seg att i kan, i følgje Aschjem, leiar for Alternativ til Vold i Telemark, gjere at overgrepssatte born skjørnar at dei ikkje er åleine, at dei ikkje er dei einaste som har opplevd dette (sitert i Tønnesen, 2012, s. 46). Gjennom *Blekkspruten* blir kjenslene og erfaringane til eit overgrepsoffer, altså Gullet, delt. Verbalteksta og biletat brukar metaforar og symbol til å beskrive korleis ho har det, og for å sette ord på dei nesten ubeskrivelege kjenslene. For det er jo nesten umogleg å sette ord på. Sjølv om både *Blekkspruten* og blekket kan bli tolka ulikt, er det likevel konkretisert på ein slik måte at andre overgrepsoffer kan kjenne seg att, til tross for at biletboka ikkje er eksplisitt. På denne måten kan *Blekkspruten* vere ein døropnar til eit vanskeleg tema. Å både sjå og høre at nokon delar dei same tankane, og som sett ord på det, kan vere med på å ta bort den indre spenninga og redselen desse borna kan gå rundt med heile tida (Tønnesen, 2012, s. 50). Dei fleste born veit ikkje korleis ein kan eller om ein skal snakke om dette, da dei ikkje har orda for å sette ord på kjenslene sine. *Blekkspruten* kan gi born lærdom og kunnskap om eigne og andre sine kjensler, samt om kropp og grenser.

I denne masteroppgåva har eg undersøkt korleis seksuelle overgrep kan bli framstilt i biletboka, og korleis ein kan arbeide med dette litterært i klasserommet. Gjennom biletbokteori og studiar på biletboka, analyse av *Blekkspruten*, samt fokus på litterære samtalar har eg sett på korleis læraren kan legge opp den litterære samtalen om biletboka om seksuelle overgrep i klasserommet. I analysen vart symbolspråket og metaforbruken veklagt, og eg har sett på korleis desse punkta kan vere nyttige og viktige å fokusere på under samtalen med born. I forbinding med samtalen kan elevane få moglegheita til å reflektere og tenke sjølv over det dei har les, for så å dele sine tolkingar til resten av klassen. Dei får moglegheiter til å høre ulike tolkingar, noko som og kan skape faglege og lærerike diskusjonar innanfor elevgruppa.

Eg har også vore innom det som kan vere problematisk med å bruke bøker om seksuelle overgrep, slik som *Blekkspruten*, i undervisninga, da det både kan opplevas som sårt og vanskeleg for enkelte, og ein ikkje veit kva reaksjonar ein kan få. *Blekksprutens* estetikk, med sine metaforrike illustrasjonar og språk, gjer det mogleg for lesaren å lese om seksuelle overgrep, samt gir moglegheiter til å snakke om det, utan at det skal bli for brutal. Illustrasjonane og verbalspråket kommuniserer kjensler og stemningar, som gjer det mogleg for alle lesarar å kjenne seg att i, sjølv om ein ikkje sjølv har blitt utsatt for seksuelle overgrep sjølv. Ved å bruke *Blekkspruten* i undervisninga får elevane moglegheita til å sette seg inn i ein annan, fiktiv person, sine kjensler, der ein føler seg redd og utrygg, noko som også kan vere med på å utvikle empatievna til elevane.

Mine funn har vist at ein gjennom biletboka kan skape openheit rundt eit vanskeleg tema, og at det å bruke biletbøker som handlar om seksuelle overgrep kan både vere viktig og relevant å bruke i norskundervisninga. Gjennom å samtal om Gullets opplevingar, kjensler og korleis forteljinga utspelar seg, kan elevane få auka kunnskap

om kropp og grenser, utan å eksplisitt snakke om seksuelle overgrep, som vidare kan vere førebyggjande for seksuelle overgrep seinare i livet.

6 Litteraturliste

- Barne-, ungdoms- og familielid direktoratet. (28.12.2017). Seksuelle overgrep mot barn. Henta frå https://bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Oppvekst/Vold_og_overgrep_mot_barn/Seksuelle_overgrep_mot_barn/
- Birkeland, T., og Mjør, I. (2012). Barnelitteratur – sjangrar og teksttypar. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Dahle, G. & Nyhus, S. (2016). *Blekkspruten*. Cappelen Damm.
- Drefvelin, C. (2017, 26.september). Professor kritiserer bildebok om porno: - Så små barn har ikke forutsetning for å vite hva man snakker om. *Dagbladet*. Henta frå <https://www.dagbladet.no/kultur/professor-kritiserer-bildebok-om-porno---sa-sma-barn-har-ikke-forutsetning-for-a-vite-hva-man-snakker-om/68728515>
- Dyregrov, A. (2010). *Barn og traumer. En håndbok for foreldre og hjelgere* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Eidslott, I.F. (2016). *Med barnets blikk. En analyse av bildebøkene Sinna Mann, Håret til Mamma og Akvarium av Gro Dahle og Svein Nyhus*. (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo. Henta frå <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/51972/Med-barnets-blikk.pdf?sequence=5&isAllowed=y>
- Elnan, T.S. (2017, 26.september). Psykolog Elisabeth Gerhardsen: -Barn skal ikke stimuleres til å lete frem bilder av voksne som har sex. *Aftenposten*. Henta frå <https://www.aftenposten.no/kultur/i/E66XA/psykolog-elisabeth-gerhardsen-barn-skal-ikke-stimuleres-til-aa-lete>
- Falconer, R. (2009). *The Crossover Novel. Contemporary Children's Fiction and Its Adult Readership*. Routledge.
- Folkehelseinstituttet. (02.01.2020). Vold og seksuelle overgrep. Henta frå <https://www.fhi.no/nettpub/hin/skader/vold/>
- Fosse, J. (2020). *Eg er ein annan*. Hordaland: Samlaget.
- Førhus, M.S., Dalsbø T.K. (2015). Undervisning om seksuelle overgrep virker trolig forebyggende. Folkehelseinstituttet. Henta frå <https://www.fhi.no/publ/2015/undervisning-om-seksuelle-overgrep-virker-trolig-forebyggende/>
- Goldschmidt-Gjerløw, B. (2019). Children's rights and teachers' responsibilities: reproducing or transforming the cultural taboo on child sexual abuse? *Human Rights Education Review*, 2(1), 25-46. <https://doi.org/10.7577/hrer.3079>

Haugen, M.O. (2020, 26.februar). Allalderlitteratur. Henta frå <https://snl.no/allalderlitteratur>

Hegde, G. (2013). *Hvordan kan en strukturert analysesamtale om ikonotekst styrke elevenes leseferdighet og gi nye leseopplevelser?* (Masteroppgåve). Universitetet i Oslo. Henta frå <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/36719/Bildebokxixbrukxpxx7-DUOmaster.pdf?sequence=2&isAllowed=y>

Hennig, Å. (2017). *Litterær forståelse. Innføring i litteraturdidaktikk.* (2.utg). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Jakobsen, S.E. (2019, 5.juli). Lærere må snakke med elevene om seksuelle overgrep, mener forsker. Henta frå <https://forskning.no/vold/laerere-ma-snakke-med-elevene-om-seksuelle-overgrep-mener-forsker/1355842>

Kress, G. & van Leeuwen, T. (1996). *Reading Images. The Grammar of Visual Design.* (2.utg.). New York: Routledge.

Leivestad, E.H. (2015, 16.mars). Der forfatterne tidligere skulle beskytte unge lesere, ser vi nå tegn til en litteratur som eksponerer dem for og konfronterer dem med ondskap, sier barnelitteraturforsker Kjersti Lersbryggen Mørk. *Periskop.* Henta frå <http://www.periskop.no/ondskap-og-barneboker/>

Likestillingssenteret. *Les for meg – snakk med meg!* Henta frå <https://likestillingssenteret.no/wp-content/uploads/2018/01/Ressurshefte-Les-for-meg-snakk-med-meg.pdf>

Lothe, J., Refsum, C., Solberg, U. (2007). *Litteraturvitenskapelig leksikon.* Oslo: Gyldendal

Lystrup, M. (2020, 16.januar). -Det er mitt ansvar å vise noen barndommer som ellers ikke kommer til syne. *KulturPlot.* Henta frå <https://kulturplot.no/magasinet-plot-bok/2020/det-er-mitt-ansvar-a-vise-noen-barndommer-som-ellers-ikke-kommer-til-syne>

Løvvik, N./Redd barna. (Januar 2015). Seksuelle overgrep. Karlegging av befolkningens kunnskap om og holdninger til seksuelle overgrep mot barn. Henta frå Redd Barna 2015

Løvland, J. (2011). *På jakt etter svar og forståing. Samansette fagtekster i skulen.* Bergen: Fagbokforlaget.

Marthinussen. (2019). *Hvordan kan den litterære samtalen om bildebøker i en barnehagegruppe bidra til åpenhet omkring vanskelige og tabubelagte tema?* (Bacheloroppgåve). Høgskulen på Vestlandet. Henta frå <https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/bitstream/handle/11250/2605496/Marthinussen.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Meneses, J.F., Munthe-Kaas, H.M., Nguyen, L., Berg, R.C, (2017). *Forskning om effekt av opplærings- og informasjonstiltak om vold og seksuelle overgrep mot barn.*

Folkehelseinstituttet. Henta frå
<https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2017/opplarings--og-informasjonstiltak-om-vold-og-seksuelle-overgrep-for-barn-og-unge-rapport-2017.pdf>

Myran, I.M. & Tollaksen, K.V. Tilgang til livet gjennom lesing og skriving. Tidlig innsats. Henta frå <http://www.skrivesenteret.no/uploads/files/Samling3.pdf>

Nikolajeva, M. (2017). Barnbokens byggklossar. Studentlitteratur AB

Nikolajeva, M. (2000). *Bilderbokens pusselbitar*. Studentlitteratur AB.

Nikolajeva, M. (2004). *Billedbogens puslespil*. København: Høst & Søns Forlag

Nikolajeva, M. (2015). *Children's literature comes of Age. Toward a New Aesthetic*. Routledge library editions: Children's literature.

Nikolajeva, M., Scott, C. (2006). *How Picturebooks Work*. Routledge.

Nobel, C. (2017, 29.september). Ekspert advarer: Ny billedbog om pornografi kan få børn til at opsøge porno. *Politiken*. Henta frå
[https://politiken.dk/kultur/boger/art6135598/Ekspert-advarer-Ny-billedbog-om-pornografi-kan-få-børn-til-at-opsøge-porno](https://politiken.dk/kultur/boger/art6135598/Ekspert-advarer-Ny-billedbog-om-pornografi-kan-f%C3%A5-b%C3%B8rn-til-at-ops%C3%B8ge-porno)

Nodelman, P. (1988). *Words about Pictures: The Narrative Art of Children's Picture Books*. University of Georgia Press.

Nyhus, S. (2016, 8. desember). *Bildebokskolen 85: Å fortelle med bilder og symboler* [Blogginnlegg]. Hentet fra <https://sveinnyhus.blogspot.com/2016/12/bildebokskolen-85-fortelle-med-bilder.html>.

Ommundsen, Å.M. (2010). *Litterære grenseoverskridelser: når grensene mellom barne- og voksenlitteratur viskes ut*. Universitetet i Oslo.

Pettersen, K.T. & Draugedalen, K. (2018, 22.oktober). Læreres viktige rolle i forebygging av seksuelle overgrep. Henta frå <https://www.utdanningsnytt.no/laereryrketovertredelse/laereres-viktige-rolle-i-forebygging-av-seksuelle-overgrep/141882>

Redd Barna. Redd Barnas arbeid for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn. Henta frå <https://www.reddbarna.no/jegerher/verktøy/skole>

Salvesen, R. (2020). *Antifeministen*. Stavanger: Cappelen Damm.

Schjøll, A.C. (2016, 27.september). Gro Dahle og Svein Nyhus har laget bildebok om overgrep. Tb.no Henta frå <https://www.tb.no/kultur/tjome/litteratur/gro-dahle-og-svein-nyhus-har-laget-bildebok-om-overgrep/s/5-76-381511>

Skaret, A. (2013). Bildeboka i et kunstvitenskapelig perspektiv. *Barnelitterært Forskningstidsskrift*. Henta frå
<https://www.tandfonline.com/doi/pdf/10.3402/blft.v4i0.20514>

Skarðhamar, A.K. (2011). *Litteraturundervisning Teori og praksis*. (3.utg). Oslo, Universitetsforlaget.

Solstad, T. (2018). *Les mer!: Utvikling av lesekompesanse i barnehagen* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget

Svendsen, L.F.H. (2018, 3. mai). *symbol*. Henta frå <https://snl.no/symbol>

Thoresen, & Hjemdal, . (2014). Vold og voldtekt i Norge. En nasjonal forekomststudie av vold i et livsløpsperspektiv. (NKVTS rapport 1/2014). Henta frå https://www.nkvts.no/content/uploads/2015/11/vold_og_voldtek_i_norge.pdf

Traavik, I. (2012). *På liv og død i bildeboka*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Tuft, M. (8.april, 2019). Forvandlingen. *Tidsskriftet. Den norske legeforening*. Henta frå <https://tidsskriftet.no/2019/04/medisin-og-kunst/forvandlingen>

Tønnesen, I.H. (2012). *Bildeboka og den vanskelige samtalen med barn: En kvalitativ studie av hvordan bildeboka kan anvendes i den vanskelige samtalen med barn* (Masteroppgåve). Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim. Henta frå https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/269629/549837_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y

Utdanningsdirektoratet. (2006). Læreplan i norsk (NOR1-05). Henta frå <https://www.udir.no/kl06/NOR1-05>

Utdanningsdirektoratet. (2020). Overordna del - Folkehelse og livsmestring. Henta frå <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/prinsipper-for-laring-utvikling-og-danning/tverrfaglige-temaer/folkehelse-og-livsmestring/?lang=nob>

Vinje, E. (1993). *Tekst og tolking*. (1.utg.). Oslo: Gyldendal.

Weidner-Olsen, P.M. (2020). *Jeg hadde en oppvekst nesten som min egen*. Bærum: Forlaget November.

Ørjasæter, K. (2017, 17.oktober). Tabu, kunst og barnebøker. *Delta i debatten*. Henta frå: <https://www.dagsavisen.no/debatt/tabu-kunst-og-barneboker-1.1040855>

Öhrn, M. & Duke, Y. (Red). (2019). På tværs af Norden. Nye tendenser i børne- og ungdomslitteratur med nedslag i forskning og formidling. Henta frå <http://norden.diva-portal.org/smash/get/diva2:1372130/FULLTEXT01.pdf>

